

Kampen mot kvitvasking

-ein analyse av bankar sin rapportering av mistenkelige transaksjonar

av

Marianne Haakonsdatter Kvestad

Masteroppgåve

Masteroppgåva er levert for å fullføra graden

Master i samfunnsøkonomi

Universitetet i Bergen, Institutt for økonomi

Juni 2014

UNIVERSITETET I BERGEN



Forord

Denne oppgåva markerer slutten på masterstudiet i samfunnsøkonomi. Etter totalt fem år som student ved UiB, sit eg att med utruleg mange gode minner. Åra har vore både lærerike, kjekke, utfordrande og spennande. Dette siste året med oppgåveskriving har gått fort, men samtidig gitt meg utruleg mykje.

Eg vil først og fremst rette ei stor takk til min veiledar Steinar Vagstad, som alltid er like positiv og hjelsam, og har stilt opp når eg har trengt det, med gode råd og tilbakemeldingar. Eg må også takke Tina Søreide, for god hjelp til å finne tema og problemstilling for oppgåva. Utan den hjelpa, hadde ikkje oppgåva vorte det den er.

Takk til anti-hvitvask avdelinga hjå Sparebanken Vest for idèmyldring i startfasen. Takk til Svein Hagen (Finanstilsynet) og Jon Petter Rui for hjelp til innføring i temaet. Ei stor takk til ØKOKRIM ved Sven Arild Damslora for både hjelp til innføring i temaet, og for uttale no i sluttfasen.

Sist, men ikkje minst, takk til alle mine kjære. Familie, venner, kjærasten og mine kjekke sambuarar i Bergen, som har gitt meg både moralsk støtte, hjelp og oppmuntring i prosessen. Utan alle deko hadde dette heller ikkje gått.

Marianne Haakonsdatter Kvestad

Marianne Haakonsdatter Kvestad, Bergen 02. juni 2014

Samandrag

Kampen mot kvitvasking
-ein analyse av bankar sin rapportering av mistenkelige transaksjonar
av
Marianne Haakonsdatter Kvestad
Master i samfunnsøkonomi
Universitetet i Bergen, 2014
Veiledar: Steinar Vagstad

I oppgåva ser eg nærmare på anti-kvitvaskingsarbeid, med fokus på rolla som bankane har i dette. Kvitvaskingslova i Noreg pålegg bankane ein del ansvar i høve arbeid mot kvitvasking, blant anna å rapportere inn mistenkelige transaksjonar til ØKOKRIM. Problemstillinga er kva insentiv bankane har til å rapportere desse mistenkelige transaksjonane, og på kva måtar ein best kan utstyre bankane med dei rette insentiva. Problemstillinga vert belyst gjennom gjennomgang av to prinsipal-agent modellar, ein med tre spelarar og ein med to spelarar. Den sistnevnte vert gjennomgått mest grundig. Prinsipal-agent modellen med to spelarar undersøker kva som skjer med bankane sine insentiv når myndighetene bruker bøter som straff, dersom dei ikkje rapporterer ein transaksjon som er kvitvasking. Det viktigste resultatet frå modellen, er at om bøtene vert høge nok, vil bankane rapportere alle transaksjonar for å unngå bøter, og dette vil gje eit dårlegare utfall for velferda totalt sett, enn om banken ikkje rapporterte i det heile. Vidare vert det presentert resultat frå andre aktuelle publikasjonar på området.

Hovudresultat frå dei ulike teoriane og syna som vert lagt fram, vert forsøkt samanlikna og knytt opp mot anti-kvitvaskingsarbeidet i Noreg. Eg finn at det truleg føregår ei underrapportering frå bankane i Noreg i dag. Basert på litteraturen som vert presentert i oppgåva kan moglege årsaker til dette vere at ein i Noreg har for milde sanksjonar og at regelverket er komplisert og pålegg bankane eit stort ansvar som er krevjande, samtidig som kvitvaskingsarbeid ikkje vert nok prioritert av høgare instansar, til dømes politi.

INNHALDSLISTE

Forord.....	II
Samandrag.....	III
Innhaldsliste.....	IV
Tabellar.....	Vi
Figurar.....	VII
<u>1 INNLEIING</u>	1
1.1 Kvifor og korleis vert pengar kvitvaska	1
1.2 Kvifor er kvitvasking eit samfunnsproblem som er viktig å bekjempe?	2
1.3 Korleis oppgåva er bygd opp og kva eg skal sjå på	5
<u>2 FINANSSYSTEMET I NORREG</u>	6
2.1 Institusjonar og samspel	6
2.2 Arbeid mot kvitvasking	9
<u>3 LOVVERK</u>	10
3.1 EU-lovverk og The Financial Action Task Force	10
3.1.2 ØKOKRIM og EFE	12
3.2 Kvitvaskingslova	13
3.2.1 Sentrale poeng i kvitvaskingslova	13
3.2.2 Korleis rammar kvitvaskingslova bankane?	15
3.3 Straffelova	16
3.4 Nærare om rapporteringsplikt og undersøkingsplikt	16
3.4.1 Mistenkeleg transaksjon	17
3.4.2 Når skal ein rapportere?	17
<u>4 BANKANE SOM PORTVAKTAR ELLER VARSLARAR</u>	20
4.1 Kva seier teorien om portvakting?	20
4.1.1 Banken sine insentiv til å vere portvakt	21
4.2 Analyse av eit porvaktregime	22
4.2.1 Begrensningar på portvaktregima	23
4.2.2 Kostnadar ved portvakting	25
4.2.3 Sanksjonar og plikter som beste gjetting	26
4.2.4 Er portvakting det beste alternativet?	27
4.3 Norske bankar som portvakter eller varslarar	27
<u>5 INSENTIVMODELL FOR BANKANE -EIN PRIVAT AKTØR MED EIT STORT ANSVAR</u>	31
5.1 Litt statistikk	32
5.2 Ein insentivmodell for rapportering med bruk av bøter	34
5.2.1 Føresetnader for modellen	34
5.2.2 Økonomi og spelarar	36
5.2.3 Trekkrekkefylge	37

<i>5.2.4 Signalstruktur</i>	37
<i>5.2.5 Sett av handlingar for aktørane</i>	38
<i>5.2.6 Endelege føresetnader for modellen</i>	40
5.3 Løysing av modellen	41
<i>5.3.1 Fyrst best likevekt</i>	42
<i>5.3.2 Nest beste</i>	44
<i>5.3.3 Nest beste med eksogene bøter</i>	46
<i>5.3.4 Å rope "ulv, Ulv"</i>	48
<i>5.3.5 Lafferkurva av informasjon</i>	50
5.4 Komparativ statikk; meir om variablane I_0^* , I_1^* , F* og F**	51
5.5 modellen med kontinuerlege variablar	55
5.6 Avsluttande kommentarar til insentivmodellen	60

6UTVIDING AV INSENTIVMODELLEN OG PRESENTASJON AV ANDRE AKTUELLE ARTIKLAR

6.1 Utviding av prinsipal-agent modellen	61
<i>6.1.1 Modellen</i>	61
<i>6.1.2 Konklusjonar i modellen</i>	66
6.2 FIUs si rolle i anti-kvitvaskingsarbeid	67
6.3 Presset for å mistenke i dei rette tilfella	70
6.4 Varsling ved asymmetrisk informasjon mellom domstolar	73

7 TEORIANE ANVENDT

7.1 Kva seier teori og erfaring?	76
7.2 Noreg i praksis – korleis fungerer anti-kvitvaskingsarbeidet?	77
<i>7.2.1 Finanstilsynet sitt tilsyn med bankane</i>	79
<i>7.2.2 ØKOKRIM (EFE) sin oppfølging av bankane</i>	80
<i>7.2.3 Uttale frå EFE</i>	82
<i>7.2.4 Noreg sitt sanksjonssystem for rappoteringspliktige</i>	82
<i>7.2.5 Nasjonal risikovurdering av kvitvasking og terrorfinansiering</i>	84

8 OPPSUMMERING, KONKLUSJONAR OG

KORT POLICYDISKUSJON FOR NOREG

REFERANSELISTE

VELEGG 1

Spørreskjema for dokumentbasert hvitvaskingstilsyn i banker

VEDLEGG 2

Mail frå Sven Arild Damslora

Tabellar

Tabell 1. Komparativ statikk.....55

Figurar

Figur1. Anmeldte lovbrot i 2012.....	2
Figur 2. Innsendte MT-rapportar frå bankar frå 2007-2011.....	32
Figur 3. Antall etterforska lovbrot; heleri og hvitvasking, 1994-2012.....	33
Figur 4. Samspel mellom dei ulike aktørane.....	35
Figur 5. Etterforskningsinnsats.....	38
Figur 6. Lafferkurva av informasjon.....	50
Figur 7. Kontinuerlig modell.....	58

1 Innleiing

”Økonomisk kriminalitet er profittmotiverte, lovstridige handlinger som ofte begås innenfor eller med utspring i en økonomisk virksomhet som i seg selv er – eller gir seg ut for å være – lovlig.” (ØKOKRIM, 2013a)

Definisjonen over viser tydelig at økonomisk kriminalitet varierer over eit vidt spekter. Det kan dreie seg om alt ifrå skatteunndraging til omsetning av narkotika.

1.1 Kvifor og korleis vert pengar kvitvaska?

Økonomisk kriminalitet er profittmotivert, det dreier seg om eit ynskje om å sikre seg ei eller anna form for utbytte. Dersom dette utbyttet skal ha nokon verdi for vedkommande som tileignar seg det, må den det gjeld på eit eller anna vis sørge for at det vert ein del av den legale økonomien. Dess større verdi på utbyttet, dess viktigare vert dette. Så lenge det dreier seg om småbeløp vil ein kunne bruke pengane relativt umerka, men om ein har tent fleire millionar kroner, vil det vere naudsynt å gå bort ifrå det å oppbevare verdiane som kontantar, og bruke dei til materielt forbruk. Dette vil vere både risikabelt og ugunstig.

For at midlane skal gli over frå sitt kriminelle opphav og inn i den legale økonomien må dei kvitvaskast. Denne prosessen kan skje på ulike måtar. Den grunnleggande prosessen vert beskreve i Enheten for finansiell etterretning (EFE)¹ sin årsrapport for 2011 i tre fasar; plasseringsfasen, tilsløringsfasen og integreringsfasen (ØKOKRIM, 2012a). I plasseringsfasen er risikoen for å vekke mistanke størst, då vert pengane introdusert i finanssystemet, til dømes ved innskot på konto. Dette kan enten skje ved overførsel av heile beløpet, eller ved oppdeling i mindre beløp, ein teknikk som vert kalla ”smurfing”. Når ein deler beløpet opp sprer ein risikoen.

I tilsløringsfasen vert pengane flytta, for å tilsløre eller fjerne forbindelsen til det som er opphavet til midlande, det straffbare forholdet. Denne fasen involverer kanalisering av ein rekke transaksjonar. Pengane kan gå gjennom mange ulike kontoar, selskap, fond osv. Det

¹ EFE er eit team ved ØKOKRIM, i kapittel 3.1.2 vert deira oppgåver og ansvar nærmare beskrive.


kan og brukast profesjonelle aktørar, til dømes advokatar, som mellommenn. Kjøp og sal av finansielle investeringar, samt kjøp av varer eller tenester kan og vere metodar brukt i tilsløringsfasen. Målet med fasen er å gjere det vanskeleg å spore utbyttet til den kriminelle handlinga, ved at det vert vikla inn i finanssystemet.

I integreringsfasen er utgangspunktet at utbyttet har fått ein tilsynelatande legitim opphav, slik at pengane no er tilgjengelige for den kriminelle til bruk. Etter plassering og tilsløring er midlane fritt disponibele for den kriminelle. Nokon gonger vil derimot ikkje desse tre fasane verte nytta, i staden kan heile prosessen skje i ei handling (ØKOKRIM, 2012a).

1.2 Kvifor er kvitvasking eit samfunnsproblem som er viktig å bekjempe?

Det er fleire ulike grunnar til at kvitvasking er eit problem, ikkje berre for dei som måtte verte direkte ramma, men for samfunnet som heilskap. Pengar som i utgangspunktet stammar frå ein ulovleg aktivitet, vert ein del av den legale økonomien, opphavet vert skjult og pengane flyt på lik linje med pengar frå lovleg aktivitet.

Figur 1: Anmelde lovbroter i 2012



Figuren over viser prosentvis fordeling av anmeldte lovbroter i 2012, fordelt på ulike kategoriar av lovbroter. Av totalt 393 674 lovbroter som vart anmeldte, var 8047 av anmeldingane på økonomisk

kriminalitet, noko som utgjer rett over 2 % av alle anmeldte lovbrot. Figuren er laga basert på tal frå kriminalstatistikk frå statistisk sentralbyrå (Statistisk sentralbyrå, 2013a)

ØKOKRIM skriv i si trusselvurdering av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet for 2013 og 2014, at låge antall anmeldningar innanfor desse to områda sannsynlegvis gjenspeglar publikum sin anmeldingstilbøyelighet og politiet sine prioriteringar, meir enn omfanget av den faktisk førekjemne kriminaliteten (ØKOKRIM, 2012b). Det internasjonale pengefondet (IMF) sin berekning på omfanget av kvitvasking frå 1996 er mykje brukt, blant anna av dei sameinte nasjonane (FN). IMF sin berekning i 1996 viste at kvitvasking kan utgjere så mykje som mellom 2 og 5 % av verdas samla bruttonasjonalprodukt (Rui, 2012, s.70-71).

Vidare i trusselvurderinga gjer ØKOKRIM ei risikovurdering, gjennom ein risikomodell som vurderer kriminalitetsformer opp mot indikatorar som belyser sannsynet for at kriminalitet førekjem, og konsekvensane dette vil ha. Risikomodellen går langs to aksar, ein for konsekvensar av kriminaliteten, og ein for sannsyn. Bak kvar av aksane ligg fire indikatorar, som kvar er delt inn i tre førehandsdefinerte kategoriar som klassifiserer utviklinga som aukande/stor, status quo/middels eller synkande/liten. Ulike former for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet vert vurdert langs aksane, og kan få opptil verdien 12 langs kvar av aksane, der høgare verdi betyr høgare risiko. Tala langs kvar av aksane vert multiplisert, og det talet ein får, angir risikoverdien som plasserer kriminalitetstypen i ei risikogruppe. Heleri og kvitvasking utgjer ein kategori, og denne får verdi 8 på kvar av aksane, slik at 64 vert den totale risikoverdien. Dette plasserer heleri og kvitvasking i ein kategori for høg risiko (ØKOKRIM, 2012b).

Rui går i si bok om kvitvasking som fenomen, regelverk og nye strategiar gjennom sju ulike grunnar til at det er viktig å bekjempe kvitvasking (Rui, 2012). Eg skal kort gå gjennom desse.

Det å bekjempe kvitvasking er ein del av det å bekjempe organisert kriminalitet. Utan primærforbrytingar der dei kriminelle er avhengig av å kvitvaske utbytte dei har generert, hadde ikkje bekjemping av kvitvasking vore eit tema. Når det vert generert store verdiar gjennom organisering av primærlovbrot, er det viktig å kunne inndra verdiar som har samanheng med den organiserte kriminaliteten, ikkje berre å straffe for overtredinga som primærlovbrotet er. Vidare er det også viktig å bekjempe kvitvasking fordi kvitvasking kan

generere annan kriminalitet, gjennom at kvitvaska midlar vert brukt til vidare finansiering av meir omfattande kriminalitet, til dømes narkotikakriminalitet.

Kvitvasking er med på å gjere staten sine skatteinntekter mindre, fordi kvitvasking bidreg til at midlar som vert unndrege skatt kan skjulast, tilslørast og framstå som lovlege beskatta midlar. Kvitvasking kan også få negative konsekvensar for tillita til bank- og finnssystemet. Bankar og andre finansinstitusjonar er avhengig av å ha tillit frå kundane sine, for å kunne drive innlån- og utlånsverksemd. Om det kjem fram at ein slik institusjon aktlaust eller med hensikt har vore del av transaksjonar som er kvitvasking, vil dette kunne svekke tillita som kundar har til den.

Aktørar i næringslivet skal ha like rammevilkår for at konkurransen skal vere rettferdig. Dersom ei verksemد vert nytta kun til kvitvasking av midlar som stammar frå ei kriminell handling, til dømes utelege av solsenger for å kvitvaske utbytte frå narkotikakriminalitet, vil denne sannsynlegvis kunne tilby billegare tenester enn eventuelle konkurrentar. Tilknyting til ulovleg verksemد vil og kunne gje sterkare økonomi i møte med konjunktursvingingar og konkurranse, i tillegg til fortrinn knytt til det at den kvitvaska kapitalen som vert lagt inn i verksemda ikkje er skatte- eller avgiftsbelagt. Skilnader mellom ulike jurisdiksjonar knytt til lovgivinga som bankane vert pålagt gjer også ei klar konkurransevriding. Det kostar banknæringa dyrt å etterleve meir og meir krevjande kvitvaskingsreglar, og bankar som slepp dette har eit klart konkurransefortrinn.

Kvitvasking kan få fatale konsekvensar for eit land sin økonomi, dersom det går for langt, og økonomien vert gjennomsyra av investeringar frå kriminelle. Typisk i tilfeller der eit land er svært fattig vil det kunne vere freistande å ikkje bekjempe kvitvasking, slik at landet får tilført kapital, i håp om å oppnå økonomisk vekst. Dette vil kunne resultere i korruption, svartelisting frå utanlandske finansinstitusjonar og utanlandske investorar. Dermed står landet igjen med kapital som stammar frå kriminelle, økonomien vert meir ustabil og i verste fall kan kriminelle gjennom kontroll av økonomien også oppnå politisk makt.

Vidare kan kvitvasking og på globalt nivå utgjere ein trussel mot finansinstitusjonar og den legale verdsøkonomien. Det er snakk om enorme summar som vert kvitvaska på verdsbasis, og det er ikkje utenkeleg at dei kriminelle kan tilegne seg makt, også over

finansinstitusjonar, gjennom midlane dei sit på. Destabilisering av globale finansinstitusjonar vil kunne verke inn på heile verdsøkonomien (Rui, 2012, s.72-81).

Kombinasjonen av at det er høgt sannsyn for at kvitvasking skal førekomme og at dette er ein type kriminalitet som har potensielt store, skadelege konsekvensar, gjer det til noko som er viktig å bekjempe.

1.3 Korleis oppgåva er bygd opp og kva eg skal sjå på

I neste kapittel gjer eg greie for finanssystemet i Noreg, med ein kort gjennomgang av dei ulike institusjonane, og kva som er deira oppgåver. Deretter følgjer ein gjennomgang av lovsystemet i Noreg, i høve til kvitvasking. Etter det går eg i gang med å svare på problemstillinga på oppgåva.

Som problemstilling for oppgåva har eg valgt å sjå på kva insentiv bankar har til å rapportere mistenkelige transaksjonar, og korleis ein på best mogleg måte kan utstyre bankane med dei riktige insentiva. For å svare på problemstillinga vil eg i kapittel 4 og 5 sjå nærare på henholdsvis portvaktteori og ein insentivmodell for rapportering med to spelarar og bruk av bøter. Deretter, i kapittel 6 gjennomgår eg fyrst ein utvida insentivmodell med tre spelarar. Vidare presenterer eg to ulike artiklar som er relevante i høve temaet, og deira hovudfunn. Til slutt presenterer eg hovudfunn frå ein artikkel som gjer greie for ein modell med ein del av dei same implikasjonane som insentivmodellen i kapittel 5, men som vert anvendt på domstolar.

I kapittel 7 vil eg forsøke å knytte ulike funn og resultat frå teoriane saman og opp mot situasjonen i Noreg, for å forsøke å trekke nokon konklusjonar rundt korleis rapporteringssystemet i Noreg er bygd opp, kva teorien seier om dette, og korleis det fungerer i praksis.

Til sist, i kapittel 8, kjem ei oppsummering av oppgåva, med dei viktigaste funna og konklusjonane, og ein kort policy diskusjon med fokus på framtida for Noreg sitt kvitvaskingsarbeid og rapporteringssystem.

2 Finanssystemet i Noreg

Finans Norge² beskriv finansmarknaden som ein viktig del av den økonomiske utviklinga i eit land, den gjer at kapital når fram til aktuelle investeringsprosjekt som er lønnsame. Finansmarknaden er ei nemning på marknaden som sørger for omsetning av finansielle eidedelar og forpliktingar. Frå eit samfunnsøkonomisk standpunkt vil finansmarknaden vere med på å gje god samfunnsøkonomisk utnytting av ressursar (Finans Norge, u.d.b).

Før ein går nærare inn på kvitvasking, vil det vere essensielt å forstå korleis det norske finanssystemet er bygd opp og fungerer. Ein vil ikkje lukkast med å avdekke mønster for kvitvasking av pengar, og moglege løysingar på dette problemet, utan å forstå korleis ulike institusjonar fungerer, både kvar for seg og i samspel.

2.1. Institusjonar og samspel

Finansdepartementet, Norges Bank og finanstilsynet samarbeider i Noreg om å gje finansiell stabilitet. Finansdepartementet har eit overordna ansvar, medan Norges Bank og finanstilsynet sikrar stabilitet gjennom å overvake finansinstitusjonar, verdipapirmarknaden og betalingssistema (Finansdepartementet, 2013a).

I tillegg til å styre den økonomiske politikken i landet og statsbudsjettet, skal finansdepartementet overvake finansmarknadane (Finansdepartementet, u.d.). Eit grunnleggande mål for finansdepartementet på dette området, er å legge til rette for eit stabilt og effektivt system for betaling og kapitalallokering. At ein har solide finansmarknadar og finansinstitusjonar er ein føresetnad for at overordna mål i den økonomiske politikken skal kunne nåast. Internasjonalisering og sterke konkurranse om kundar har gitt auka behov for godt tilrettelagte rammevilkår for finansnæringa. I hovudsak er oppgåvene til finansdepartementet overfor finansmarknadane regulering etter avgjerder i sentral lovgiving og skattefavoriserte pensjonsordningar (Finansdepartementet, 2012).

² Finans Norge er ein hovedorganisasjon for finansnæringa i Noreg. Finans Norge representerer meir enn 200 finansforetak og finanskonsern, frå Sparebankforeningen eller Finansnæringens Hovedorganisasjon (Finans Norge, u.d.a).

Finanstilsynet er eit sjølvstendig styringsorgan, med delegert myndigkeit frå finansdepartementet. Hovudmålet til finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknadar (Finanstilsynet, 2009). Hovudoppgåva til finanstilsynet er førebyggjande arbeid gjennom tilsyn. Tilsynet handlar i hovudsak om å følgje med på at finansinstitusjonane innrettar seg etter det som føreligg av rettslige rammevilkår for finansmarknaden (Finansdepartementet, 2012).

Tilsynet skjer gjennom innrapportering og analysering av data, stadlige tilsyn i føretak eller meir spesifikke tematilsyn. I tillegg gjennomfører finanstilsynet regelmessig vurdering av makroøkonomiske forhold og andre utviklingstrekk som kan utgjere ein risiko for den finanzielle stabiliteten i dei norske marknadene (Finanstilsynet, 2014a). Bankane inngår som ein del av dei finanzielle institusjonane som finanstilsynet fører tilsyn med. I tillegg til førebyggjande arbeid, skal finanstilsynet ordne opp i det som måtte oppstå av problem, med mål om å bidra til finansiell stabilitet og ordna marknadsforhold. Brukarar må til dømes kunne stole på at avtalar som vert inngått vert fylgt (Finanstilsynet, 2009). Det er finanstilsynet som gjev bankar konsesjon til å drive, og som har myndigkeit til å trekke tilbake konsesjonen, dersom det skulle oppdagast alvorlege feil og regelbrot hos eit føretak, og desse ikkje vert retta opp (Finanstilsynet, 2014a).

Noregs Bank har som sentralbank eit hovudformål om å sikre økonomisk stabilitet i landet, dette gjeld både gjennom utøvande og rådgjevande arbeid i pengepolitikken. Prisstabilitet og finansiell stabilitet er sentrale mål. I tillegg forvaltar Noregs Bank valutareservar og statens pensjonsfond utland, og skal sørge for meirverdi i kapitalforvaltninga (Noregs Bank, u.d.). Dei sentrale oppgåvene til Noregs Bank er pengepolitikken, fremje finansiell stabilitet og drive ei tillitsvekkjande porteføljestyring. Noregs Bank utferdar pengesetlar og myntar og sørger for eit effektivt betalingssystem (Norges Bank, 2014).

Ein bank er eit økonomisk føretak som har til hovudoppgåva å motta og yta kreditt, gjennom innlån og utlån. I Noreg består bankvesenet av sentralbanken (Noregs Bank), statsbankar (Husbanken, Statens lånekasse for utdanning og Innovasjon Norge) og private bankar, bestående av forretningsbankar og sparebankar. Sparebankane og forretningsbankane treng konsesjon for å drive, og som nemnt over er det finanstilsynet som utsteder denne og fører tilsyn med bankane. Forretningsbankar og sparebankar har einerett til å motta innskot frå personar, føretak, organisasjonar, og statlige og kommunale institusjonar (Lem, 2014).

Ei hovudoppgåve for bankane er kredittformidling, kanalisering frå spararar til dei som vil investere. Kredittformidling gir overføring av risiko frå låntakar, til bankane. Bankane låner ut pengar frå innskota til kundane, men kan og låne frå andre bankar, eller frå sentralbanken i naudstilfelle. Ein stor del av innskota i bankane, samt utlåna frå bankane, er kortsiktige, men banken har og moglegheit til å låne ut pengar med lengre bindingstid. Bankane spelar ei viktig rolle i å knyte saman långivar og låntakar. Dette kan dei gjere fordi det i ein kort periode vanlegvis berre er små endringar i innskotsmassen til banken, nokon tar ut pengar og andre set inn pengar, og dette gjev banken moglegheit til å ha stabile, langsiktige utlån. Blant andre tenester som bankane utfører kan det nemnast å skape betalingsmidlar, stille garanti for ein låntakar, oppbevare og forvalte verdigenstandar, leige ut bankboksar, gje finansielle råd og omsetje verdipapir (Lem, 2014).

Etter andre verdskrigen har ein sett ein betydeleg konsentrasjon i antall forretnings- og sparebankar. Dei største bankane er i stigande grad vorte multinasjonale. Bankane er private føretak, og avhengig av å vere lønnsame. Dei må ha større inntekter enn kostnad, og den viktigaste inntekta er rentenettoen. Andre inntektskjelder er valutahandel, verdipapirhandel og garantiar gitt til kundar. Kostnad for banken er løn, husleige og andre driftskostnad (Lem, 2014).

Den største risikoen for banken er kreditrisikoen; risiko for at låntakarar ikkje klarar å betale renter og avdrag på låna sine. Andre typar risiko er kursrisiko på plassering og lån i valuta og eigedomsrisiko på banken sine eigedomar, samt lån som banken tek opp utan fast rente. Bankane har vorte stadig meir opptatt av å redusere risiko, etter turbulens i marknadene. Valutarisikoen vert redusert ved å ha forpliktingar og plasseringar i same valuta og renterisikoen vert redusert ved å ha same løpetid og rentevilkår på innlån og utlån (Lem, 2014).

Til saman skal dei nemnte institusjonane vere med på å sørge for ein stabil og velfungerande finansmarknad.

2.2 Arbeid mot kvitvasking

Finanssystemet er sårbart i kvitvaskingssamanheng. Integritet er viktig for finansverksemder og denne kvilar på ei antaking om at marknaden fungerar innanfor rammene av både høge profesjonelle, rettslege og etiske standardar. Omdømme er viktig, og det kan skade både ei enkelt verksemd og heile bransjens sitt omdømme, dersom ansatte i ei verksemd har latt seg bestikka eller verksemda ikkje har stilt spørsmål ved midlane sitt opphav. At dei ulike verksemdene jobbar med å ha gode rutinar for å bekjempe kvitvasking er bra for verksemda, dei ansatte og heile bransjen. Det er difor i verksemdene si eiga interesse å bidra til bekjemping av kvitvasking (Hvitvasking.no³, 2007a).

I tillegg er lovverket klart i at det pålegg ulike finansinstitusjonar eit ansvar i høve til kvitvasking og arbeid mot dette. I neste kapittel vert lovverket for kvitvasking nærmere gjennomgått.

³ Hvitvasking.no er ei nettside som er etablert og driven av Finanstilsynet og ØKORKIM ved EFE i samarbeid. Hensikta er at nettsida skal vere ein nasjonal ressurs for informasjon om kvitvasking, både for rapporteringspliktige og andre interesserte i arbeidet mot kvitvasking og terrorfinansiering (Finandepartementet, 2010).

3 Lovverk

Kvitvasking vert omtala i kvitvaskingslova og straffelova § 317. I dette delkapitlet ser eg nærmere på lovverket, kva som ligg bak lovene og korleis bankane vert rørde av dette.

3.1 EU-lovverk og The Financial Action Task Force

The Financial Action Task Force, heretter FATF, er eit mellomstatleg organ som vart etablert i 1989 av G7-landa. Målet var å imøtekome auka internasjonal bekymring i samband med misbruk av finanssystemet i kvitvaskingssamanheng (Hvitvasking.no, 2007b). FATF jobbar for å setje standardar og å promotere effektiv implementering av lover, regulering og operasjonelle mål for å bekjempe kvitvasking, terrorfinansiering og andre relaterte truslar mot det internasjonale finanssystemet. FATF jobbar for å generere tilstrekkelig politisk vilje til å innføre lovreform og regulering på nasjonalt nivå innan dei aktuelle områda (The Financial Action Task Force, 2014a). FATF består av 34 medlemsland, deriblant Noreg, og 2 regionale organisasjonar. Arbeidet byrja med mål om å bekjempe kvitvasking frå narkotikakriminalitet, men dreier seg i dag både om kvitvasking generelt, terrorfinansiering og spreying av masseøydeleggingsvåpen (Rui, 2012, s.85).

FATF har utvikla 40 rekommendasjonar, som har nokre viktige hovudpoeng. Eit mål er å kriminalisere kvitvasking og å vedta lover for å inndra utbytte av straffbar handling. Eit anna mål å ha reglar for kundeidentifisering og oppbevaring av opplysningar hjå finansinstitusjonar, med fokus på anonymitet, og teknologi som understøttar dette. Det skal setjast krav til at mistenkelige transaksjonar vert rapportert til myndighetene, og førast kontroll og tilsyn med finansinstitusjonar. Til sist er det eit viktig mål å setje førehandsvilkår for å bidra til effektivt internasjonalt samarbeid (Hvitvasking.no, 2007b). I tillegg til dei 40 rekommendasjonane, vart kamp mot terrorfinansiering i 2001 inkludert i arbeidet, og det er no snakk om 40 + 9 rekommendasjonar (The Financial Action Task Force, 2014b). Noreg si kvitvaskingslov byggjer i stor grad på rekommendasjonane (Rui, 2012, s. 85).

Rekommendasjonane anerkjenner ei tilnærming til anti-kvitvaskingsarbeid som er risikostyrt (The Financial Action Task Force, 2014c). Målet med risikoprinsippet er at tilgjengelige ressursar skal brukast for på best mogleg måte å førebygge og avdekke kvitvasking og

terrorfinansiering. Motstykket vil vere regelbasert tilnærming, der myndighetene har sett faste reglar for både kundekontroll, løypande oppfølging og undersøkingar. Då vil myndighetene vere den aktøren som vurderer risiko, mens det ansvaret vert flytta ut til dei som lova gjeld ved bruk av risikoprinsippet (Rui, 2012, s. 236-239).

I tillegg til rekommendasjonane har ein eit evalueringssystem og eit sanksjonssystem i FATF. Evalueringssystemet er utvikla for å kontrollere om medlemslanda fylgjer retningslinjene. Sanksjonssystemet var opphavleg eit system for å svarteliste land, medlemmer og ikkje-medlemmer, som ikkje fulgte retningslinjene. Det er gjort endringar i korleis sanksjonssystemet fungerer, då svartelistinga vart kritisert. I dag vert land som risikerer sanksjonar involvert i prosessen, og ein skil mellom land som er villige til å samarbeide for å betre lovgivingane sine, og land som ikkje er det. Sanksjonar som kan setjast i verk er oppfordring til strengare kontroll av transaksjonar, rapporteringsplikt og forbod eller restriksjonar mot etablering av kundeforhold eller foreta transaksjonar med personar eller føretak som ikkje fylgjer rekommendasjonane (Rui, 2012, s. 86-87).

Sjølv om FATF og deira rekommendasjonar vert rekna som soft-law⁴, har dei stor gjennomslagskraft. Grunnar til dette er at dei er omfattande, presisert, vidareutvikla og det er gjort detaljerte evalueringar av medlemsstatane. Verksemda til FATF drivast av ekspertar innan fagfeltet, og er ikkje så avhengige av politiske diskusjonar for å i gangsetje sanksjonar. Likevel ser ein at det er ein stor politisk vilje til å ta i bruk sanksjonar når det trengs, og sanksjonane viser seg å vere både fleksible og effektive, med god verknad. FNs sikkerhetsråd, EU og andre internasjonale aktørar støttar FATF, og ser på dei som ein viktig aktør i høve å setje ein standard på dei områda dei jobbar med (Rui, 2012, s. 88).

Om ein skal vere kritisk til FATF vil det vere verdt å peike på at organisasjonen er udemokratisk og driven av ekspertar. I tillegg har dei kun som mål å bekjempe kvitvasking og terrorfinansiering, og har dermed gjerne for lite fokus på motstridande interesser, til dømes databeskyttelse. Ei tredje potensiell negativ side ved FATF er at land som ikkje er medlemmer også kan verte sanksjonert. Samtidig er organisasjonen eit instrument for G8-landa, og styrkeforholdet til dei land som då eventuelt vert sanksjonert er ujamnt, i høve dei som set i verk sanksjonane (Rui, 2012, s. 89).

⁴ Soft-law er rettslige instrument som ikkje er bindande (Rui, 2012, s.88).

Gjennom EØS-avtalen er Noreg forplikta til å innføre EU sine direktiv (Hvitvasking.no, 2008). Kvitvaskingslova av 2009 inkorporerer Det tredje kvitvaskingsdirektivet fra 2005. Dette var eit EØS-relevant direktiv, og dermed var Noreg plikta til å inkorporere det i norsk lovgivning. Samanlikna med andre direktiv er dette detaljert og overlèt lite til skjønn (Rui, 2012, s.92). Det tredje kvitvaskingsdirektivet fra EU, bygger i stor grad på rekommendasjonane frå FATF (Rui, 2012, s. 88-89). Det tredje kvitvaskingsdirektivet og kvitvaskingslova bygger på eit risikoprinsipp, som skal sikre at tilgjengelige ressursar skal brukast for på best mogleg måte å førebygge og avdekke kvitvasking og terrorfinansiering (Rui, 2012, s. 236-237).

3.1.2 ØKOKRIM og EFE

Enheten for finansiell etterretning (EFE), som er eit team ved ØKOKRIM, er Noreg sin nasjonale Finance Intelligence Unit (FIU). I FATF-samarbeidet. Bakgrunnen for at EFE vart oppretta var anbefalingar om at alle land burde opprette eit etterretningssenter. Målet med FIUs er at dei skal stå for mottak, analysering og vidareformidling av finansiell informasjon tilknytte mogleg kvitvasking og terrorfinansiering. EFE etterforskar ikkje straffesaker sjølve, dei bearbeidar informasjon i rapportar for mistenkelige transaksjonar, og vidareformidlar når dei meiner vilkåra for det er oppfylt. I tillegg gjer dei rapportane meir tilgjengelige for politi- og forvaltningsorgan og andre land sine FIUs. EFE skal også vere eit nasjonalt kompetansesenter i høve kvitvasking. Blant anna inneberer dette å delta i internasjonale fora som FATF og Egmont Group⁵, og å halde løypande kontakt med samarbeidspartnarar (ØKOKRIM, 2014a).

Kontrollutvalet for tiltak mot kvitvasking, med medlemmer oppnemnt av finansdepartementet, har som hovudoppgåve å passe på at ØKOKRIM i varetar rettstryggleik- og personvernsomsyn i forbindelse med den informasjon dei mottek i medhald av kvitvaskingslova. Dette gjeld opplysningar om mistenkelige transaksjonar, pålegg frå ØKOKRIM til ein rapporteringspliktige om å ikkje gjennomføre ein transaksjon og å fylgje med på at ØKOKRIM oppfyller plikta dei hat til å slette opplysningar etter fem år.

⁵ Egmont Group fungerer som ein møteplass for 139 land sine FIUar for å dele erfaring og å auke det internasjonale samarbeidet (The Egmont Group, 2014).

Kontrollen føregår gjennom meldte og uanmeldte besøk hos ØKOKRIM, og kvart år lagar kontrollutvalet ein rapport til Finansdepartementet (Finansdepartementet, 2014).

3.2 Kvitzaskingslova

Eg skal nemne nokon sentrale poeng ved kvitzaskingslova, og sjå korleis lova direkte berører bankane.

3.2.1. Sentrale poeng i kvitzaskingslova

Formålet til kvitzaskingslova er etter §1 å førebygge og avdekke transaksjonar med tilknyting til utbytte av straffbare handlingar eller med tilknyting til terrorhandlingar. Dei som etter lova er rapporteringspliktige⁶, skal etter §5 foreta kundekontroll og løypande oppfylging. Dette skal vere basert på grunnlag av vurdering av risiko for transaksjonar med tilknyting til utbytte av straffbar handling. Faktorar som skal bestemme risiko er kva type kunde det er snakk om, kundeforhold, produkt eller transaksjon. Etter at ei risikovurdering er tatt, skal alle rapporteringspliktige kunne påvise at tiltak som vert utført er tilpassa risikoen ein vurderte (Hvitvaskingsloven, 2009).

Det skal etter §6 blant anna foretas kundekontroll ved etablering av kundeforhold, kundar som ikkje har etablert kundeforhold, men ynskjer transaksjon over 100 000 norske kroner eller dersom ein har mistanke om at ein transaksjon har tilknyting til utbytte av straffbar handling (Hvitvaskingsloven, 2009).

Kundekontrollen skal etter §§7 og 8 mellom anna omfatte registrering av namn, identitetskode (til dømes fødselsnummer), fast adresse, bekreftelse av identitet på grunnlag av gyldig legitimasjon og innhenting av kundeforholdet sitt føremål. Med visse unntak skal kundekontrollen etter §9 gjennomførast før etablering av kundeforhold eller utføring av ein

⁶Av § 4 i kvitzaskingslova har finansinstitusjonar, Norges Bank, e-pengeforetak, foretak som driv valutaverksemd, betalingsforetak og andre som har rett til å yte betalingstenester, verdipapirforetak, forvaltningsselskap for verdipapirfond, forsikringsselskap, foretak som driv forsikringsformidling som ikkje er gjenforsikringsmekling, postoperatørar ved formidling av verdisendingar, verdipapirregister og foretak som driv depotverksemd rapporteringsplikt (Hvitvaskingsloven, 2009).

transaksjon. Løypande oppfølging skal etter §14 følgjast opp på eksisterande kundeforhold, og ein del av dette er å sjå til at transaksjonar som den rapporteringspliktige vert kjent med er i samsvar med den rapporteringspliktige sin kjennskap til kunden (Hvitvaskingsloven, 2009).

I henhold til §15 i kvitvaskingslova om forsterka kontrolltiltak skal rapporteringspliktige i ein situasjon med høg risiko for transaksjonar med tilknyting til utbytte av straffbare handlingar eller forhold som rammast av straffeloven §§147a, 147b, 147c eller 147d⁷, ut ifrå ei risikovurdering setje i verk forsterka kontrolltiltak. Dei rapporteringspliktige skal ha eigna kontrolltiltak for å fastslå om kunden er ein politisk eksponert person, og i så fall føre forsterka løypande oppfølging med dette kundeforholdet (Hvitvaskingsloven, 2009).

Kapittel 3 i kvitvaskingslova beskriv undersøkings- og rapporteringsplikta i kvitvaskingslova. Etter § 17 har rapporteringspliktige plikt til å gjere nærare undersøkingar ved mistanke om at ein transaksjon har tilknyting til utbytte av straffbar handling eller forhold som rammast av straffeloven §§147a, 147b, 147c eller 147d, for å enten bekrefte eller avkrefte mistanken. Resultat av ein slik undersøking skal registrerast skriftleg eller elektronisk (Hvitvaskingsloven, 2009).

Dersom undersøkingar etter §17 ikkje resulterer i at mistanken vert avkrefta, skal den rapporteringspliktige etter §18 om rapporteringsplikt oversende opplysningar om transaksjonen og mistenkelige forhold til ØKOKRIM. ØKOKRIM skal få alle naudsynte opplysningar om transaksjonen og mistanken på førespurnad til den rapporteringspliktige. Etter §19 skal ikkje den rapporteringspliktige gjennomføre transaksjonar som medfører rapporteringsplikt før ØKOKRIM er underretta, og i særlege tilfeller kan ØKOKRIM gje pålegg om ikkje å gjennomføre transaksjonen, men det finns unntak til at transaksjonen ikkje skal gjennomførast. Transaksjonen kan gjennomførast dersom det å ikkje gjennomføre transaksjonen vil gjere ØKOKRIM sin undersøkingar vanskeligare, eller dersom det ikkje er mogleg å la vere å gjennomføre transaksjonen. I så fall skal opplysningar sendast til ØKOKRIM umiddelbart etter gjennomføring av transaksjonen (Hvitvaskingsloven, 2009).

⁷ §§147a, 147b, 147c og 148d omhandlar kort sagt terrorhandling, medvirkning til finansiering av terrorhandlingar, oppfordring, rekruttering eller opplæring til terrorhandlingar og støtte til terrororganisasjonar (Straffeloven, 1902).

Det å rapportere til ØKOKRIM i god tru er etter §20 ikkje brot på taushetsplikta. Etter §21 skal det ikkje gjerast kjent for kundar eller tredjepersonar at dei er underlagt undersøkingar som nemnt i §17, at det er rapportert opplysningars som i §18 eller at det er i gangsett etterforsking (Hvitvaskingsloven, 2009).

Dei rapporteringspliktige skal etter §23 ha forsvarlege interne kontroll- og kommunikasjonsrutinar som sikrar oppfylling av pliktene i kvitvaskingslova, og desse rutinane skal vere fastsett på øvste nivå hjå den rapporteringspliktige. Det er også eit krav etter lova at alle ansatte og andre som utfører oppgåver på vegne av den rapporteringspliktige er kjent med kvitvaskingslova, lærer å kjenne igjen mistenkelige transaksjonar og er kjende med interne rutinar for handtering av slike transaksjonar. Alle finansinstitusjonar skal etter §24 etablere elektroniske overvakingssystem (Hvitvaskingsloven, 2009).

Frå kvitvaskingslova sin § 22 skal rapporteringspliktige oppbevare kopiar av dokument knytt til kundekontroll og registrering av opplysningars om kunde, i fem år etter avslutta kundeforhold eller gjennomført transaksjon. Dokument knytt til transaksjonar der undersøkingsplikta har vorte utløyst, skal og oppbevarast i minst fem år. Frå §25 i kvitvaskingslova skal rapporteringspliktige ha system som gjer det mogleg å raskt gje fullstendige svar på førespurnadar frå ØKOKRIM eller tilsynsmyndighet knytt til kundeforhold til konkrete personar dei siste fem år og om kundeforholdets art (Hvitvaskingsloven, 2009).

3.2.2 Korleis rammar kvitvaskingslova bankane?

Som finansinstitusjon er bankane ein av dei aktørane som er rapporteringspliktige. Dermed gjeld alle avgjerdene for dei rapporteringspliktige i lova også bankane.

Tilsynsorgan kan etter §27 gje bankar, som ein rapporteringspliktig, pålegg om å rette opp forhold som er i strid med kvitvaskingslova, og dei kan setje ein frist for dette. Dersom banken som rapporteringspliktig ikkje føl opp påleggget frå tilsynsorganet, kan den verte i lagt tvangsmulkt. Den kan vere enten løypande eller det kan vere i form av eingongsmulkt (Hvitvaskingsloven, 2009).

Bankane som ein rapporteringspliktig kan straffast for manglende rapportering, enten med bøter eller med fengsel i inntil 1 år (Hvitvasking.no, 2009). Det heiter i kvitvaskingslova frå §28 at forsettlig eller grovt aktlaus overtreding av lova eller medverknad til overtreding av lova sin § 5, 6, 7, 8, 15, 17, 18 eller 22, eller forskrifter gitt i medhald av avgjerdene, straffast med bøter. Fengsel i inntil 1 år kan gjevast dersom det er snakk om særskjerpende omstende (Hvitvaskingsloven, 2009).

Dersom ein rapporteringspliktig aktlaust eller med hensikt er del av ein kvitvaskingsoperasjon, kan vedkommande straffast for kvitvasking etter straffelova sin §317. I neste delkapittel vert strafferammene gjennomgått (Hvitvasking.no, 2009).

3.3 Straffelova

Kvitvasking vert omtala i straffelova sin § 317. Strafferamma er bøter eller fengsel i inntil 3 år, seks år dersom lovbroten er grovt. For overtreding som er knytt til utbytte av ei narkotikalovbrot kan det idømmast 21 år i fengsel. Uaktsam overtreding vil kunne gje 2 års fengsel, dette under særdeles skjerpa omstende. § 317 omtalar både heleri og kvitvasking. Det å yte bistand til å sikre utbytte av straffbar handling for ein annan vert rekna som kvitvasking. Det å yte bistand kan til dømes vere å innkrevje, oppbevare, skjule, transportere, sende, overføre, konvertere, avhende, pantsette eller la investere utbyttet. Gjenstandar, fordringar eller tenester vil vere likestilt med utbyttet. Det vert også rekna som kvitvasking å tilsløre kor utbyttet frå ei straffbar handling som ein sjølv har begått befinn seg, stammar frå, kven som rår over det, utbyttet sine rørsler eller rettar knytt til det (Straffeloven, 1902).

3.4 Nærare om rapporteringsplikt og undersøkingsplikt

I fylge kvitvaskingslova har dei som vert rekna som rapporteringspliktige etter § 4, undersøkingsplikt og rapporteringsplikt for mistankar om at ein transaksjon har tilknyting til utbytte av straffbar handling.

3.4.1 Mistenkelig transaksjon

Ein transaksjon er i kvitvaskingslova § 2 (2009) definert som einkvar overføring, formidling, ombyting eller plassering av formuesgode .

Mistanke om at ein transaksjon har tilknyting til kvitvasking av pengar, kan vere knytt til transaksjonen i seg sjølv, kjennskap til kunden sin økonomiske stilling, eller knytte til ein tredjepart (Hvitvasking.no, 2007c).

I årsrapporten for 2013 uttrykker ØKOKRIM bekymring i høve til at mange mistenkelige transaksjonar ikkje vert rapportert. Blant anna er det store skilnader mellom jamstore bankar, og mindre bankar rapporterer oftare enn større bankar. Det er også observert at enkelte bankar plutselig har ein dramatisk nedgang i antall rapportar, utan at ein ser gode grunnar til dette. ØKOKRIM meiner slike funn viser at implementering og operasjonalisering av kvitvaskingsregelverket framleis ikkje er tilstrekkelig ivaretatt blant rapporteringspliktige. Det er i år fem år sidan den risikobaserte tilnærminga til kvitvasking og terrorfinansiering vart innført i lova, og ØKOKRIM meiner det difor er bekrymringsfullt at dette framleis ikkje er på plass. Finans Norge har tatt tak i dette. ØKOKRIM (EFE) har og hatt møter med ei rekke lokalebankar og opplevd både meir rapportering og kvalitativt sterkare rapportar i etterkant (ØKOKRIM, 2014b).

3.4.2 Når skal ein rapportere?

Det er to omgrep som er særskilt relevante å sjå nærmare på. Det eine er kva som ligg i det å ha mistanke om at ein transaksjon har tilknyting til utbytte av straffbar handling, og det andre er kva som ligg i undersøkingsplikta.

Det er i forhold til å ha mistanke om at ein transaksjon er knytt til kvitvasking av pengar låg terskel, det krevjast nokre konstanterbare haldepunkt for at det er snakk om mistanke, men det er ikkje naudsynt at det er sannsynleg. Det skal i tråd med risikoprinsippet vere ein viss kvalitet på haldepunkta som mistanken er basert på, slik at ein ikkje får ein situasjon med overrapportering, noko som ikkje er ideelt for ØKOKRIM sitt vidare arbeid med rapportane.

Men samtidig er det ein låg terskel som skal vere lagt til grunn for kva mistankar som oppfyller kriteriet (Rui, 2012, s. 332-333).

Undersøkingsplikta kan omfatte både transaksjonar som allereie er føretatt og framtidige transaksjonar. I direktivet er det ikkje eit krav at det skal vere snakk om ein transaksjon, men i lova er det forutsatt at det skal føreligge ein transaksjon for at undersøkingsplikta skal kunne utløysast (Rui, 2012, s. 334-335).

Det er ikkje eit heilt enkelt spørsmål når undersøkingsplikta inntrer, og dei fleste som er rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova sin §4, har ikkje juridisk utdanning, og kan dermed ikkje gjennomføre omfattande juridiske analysar for å finne ut om undersøkingsplikta føreligg i ulike tilfeller. I praksis vert ein viktig del av vurderinga difor kunden si åtferd, og om denne er atypisk. Det finns liten eller inga garanti for at undersøkingsplikta er avgrensa slik at rapporteringspliktige ikkje undersøker for mykje (Rui, 2012, s. 339-340).

Det heiter i kvitvaskingslova sin §17 at ein rapporteringspliktig skal gjennomføre nærare undersøking dersom undersøkingsplikta er oppfylt, slik at ein kan bekrefte eller avkrefte mistanken. Formålet med undersøkingsplikta er å unngå overrapportering, men det er ikke meint at det ikkje skal rapporterast inn ein mistenkelig transaksjon dersom nærare undersøkingar ikkje lar seg gjere. Det er difor slik at ein rapporteringspliktig skal gjere nærare undersøkingar dersom det er praktisk mogleg(Rui, 2012, s.345).

Det er ikke eit mål at undersøkingane som vert gjennomført skal finne ut noko om primærlovbrotet som er gjennomført, eller kva slags straffbar handling som er gjennomført. Å avkrefte eller bekrefte mistanken er kun knytt til omstende rundt transaksjonen i seg sjølv. Undersøkingane skal gjennomførast utan at kunden eller tredjepersonar skjønar at det er undersøkingar under §17 i kvitvaskingslova som vert føretatt. Det kan vere vanskeleg for den rapporteringspliktige å stille spørsmål knytt til ein transaksjon til ein kunde eller tredjeperson utan at vedkommande forstår bakgrunnen. Ein avgjerande faktor for den som stiller spørsmåla må vere å unngå at uvedkommande vert kjent med informasjon som kan gjere det vanskelegare med eventuell straffeforfylging (Rui, 2012, s.346).

§ 21 i kvitvaskingslova som seier at kundar eller tredjepersonar ikkje skal gjerast kjent med at det vert gjennomført undersøkingar er ein viktig avgrensing på moglegheita ein rapporteringspliktig har til å stille spørsmål. Undersøkingane vil normalt ta utgangspunkt i både opplysningar ein har om kunden, basert på kundekontroll og kjennskap til kunden, tilgjengelige offentlige opplysningar og eventuelt undersøking av den som kunden gjennomfører transaksjonen med. Ved det sistnemnte vil det vere ein faktor kor mykje ressursar ein bør eller kan legge ned. Når det gjeld retten til å gjennomføre undersøkingar, finns det ingen regulering i norsk rett av private sin åtgang til å overvake og etterforske andre private, men verksemda må ikkje vere i strid mot straffelova sine bestemmelser (Rui, 2012, s. 346-347).

Dei same momenta som er relevante for undersøkingar ved kundekontroll med potensiell forhøgd risiko, er også relevante ved undersøking av ein mistenkelig transaksjon (Rui, 2012, s. 346-347). Eit moment her er å søke i lister over jurisdiksjonar med forhøgd risiko for kvitvasking, dersom det er snakk om kundar eller transaksjonar til og frå utlandet. Eit anna moment er at ein ved forhøgd risiko på grunn av måten kunden er organisert på, må den rapporteringspliktige finne ut av korleis verksemda er organisert og kven som er reelle rettigkeitshavarar. Ulike måtar å undersøke nærare er å be kunden skaffe naudsynt dokumentasjon, bruke internett eller å kontakte eventuelle rapporteringspliktige som kunden har vore kunde hjå tidlegare. Den rapporteringspliktige kan også gjere undersøkingar på kunden si forretningsadresse (Rui, 2012, s. 302-305).

4 Bankane som portvakter eller varsalarar

I dette delkapitlet vil eg sjå nærare på den rolla bankane har i høve kvitvasking i lys av portvakt- og varslararteori. Hovudvekta vil vere på portvaktteori. Delkapitlet er basert på Kraakman sin artikkel om portvakter (Kraakman, 1986), men med forsøk på å dra parallellar til det som er hovudtemaet for denne oppgåva, bankane si rolle i arbeidet mot kvitvasking og deira insentiv til å rapportere mistenkelige transaksjonar.

4.1 Kva seier teorien om portvakting?

Som tidlegare forklart vil det vere essensielt for ein som driv med økonomisk kriminalitet å kvitvaske utbyttet sitt. Dette kan gjerast gjennom bruk, eller snarare misbruk, av banksystemet. I høve til portvaktteori er det i dette leddet at bankane kan utfylle ei rolle som ein portvakt. Dette er ein privat aktør som tilbyr ei teneste som er sentral for at den kriminelle skal lukkast med det den gjer, og vel å bruke denne posisjonen til å ta avstand frå å støtte den kriminelle. Dette betyr at bankane held tilbake tenester dei elles tilbyr, dersom det er snakk om ein kriminell som gjennomfører ei kriminell handling, eller ein har mistanke om at dette er tilfellet.

Ein rasjonell kriminell vil vurdere om han eller ho skal gjennomføre därleg oppførsel basert på nettonytte av å gjere dette. For at det skal vere freistande å gjennomføre må nytten som den kriminelle får ut av dette vere større enn kostnaden. Nettonytten må vere positiv. På kostnadssida vil ein måtte vurdere sannsynet for at den därlege oppførselen vil kunne medføre avsløring og straff, og kva den eventuelle straffa då vil vere. Gjennom å justere sanksjonsnivået, kan ein dermed i teorien styre nivået av kriminalitet i samfunnet. Dersom det vert tilstrekkelig stort sannsyn for at handlinga medfører straff, vil ikkje den potensielt kriminelle ønske å vere kriminell. I teorien er det difor slik at dersom ein kunne heve sanksjonsnivået i samfunnet utan kostnad, kunne ein setje det høgt nok til å eliminere all kriminalitet (Kraakman, 1986).

Dessverre er det ikkje så lett å kostnadsfritt auke forventa sanksjonsnivå i samfunnet, då det kan vere dyrt å avsløre og straffebehandle lovbro. Dermed må dei straffene ein idømmer dei som vert straffa vere veldig høge, for å gjere kostnaden ved å gjennomføre eit lovbro høg

nok til å gjere det uaktuelt for den potensielt kriminelle. Men dette er også problematisk, ein kan ikkje auke straffene i det uendelege for å vege opp for lågare sannsyn for å verte oppdaga og straffa. Dette er både av humanitære, politiske og økonomiske grunnar. (Kraakman, 1986).

Ei løysing på dette problemet kan vere tredjepartar som fungerer som portvakter. Ei slik løysing er aktuell når vanleg handheving av lovane feilar, fordi for mange kriminelle er ignorant overfor straffene. For å kunne påleggje ein tredjepart ei rolle som portvakt, må ein ha grunn til å tru at dei er i ein posisjon til gjere ein skilnad. I kampen mot kriminalitet kan ein ha strategiar som verkar ex ante eller ex post. Ex post handlar om det å straffeeforfylgje den kriminelle, slik at ein sørger for at lovbrotet gjer negative konsekvensar, og ikkje lønner seg. Ex ante handlar det om å forsøke å avverje eit lovbrot før det skjer. Dersom ein gjer ein privat aktør løyve til å avverje lovbrot når det vert oppdaga, vil denne kunne opptre som portvakter med ex ante tiltak. (Kraakman, 1986).

4.1.1 Banken sine insentiv til å vere portvakt

Som aktør i ein privat marknad, er profitt eit mål for bankane. Dersom kostnader ved å vere portvakt vert større enn nytten ein bank får av det, risikerer ein at ikkje alle bankar vil forsøke på best mogleg måte å utfylle rolla si som portvakt. I dette tilfellet, risikerer ein at ikkje alle bankar gjer det dei kan for å vere med på å avdekke forsøk på kvitvasking av pengar som stammar frå eit lovbrot, og rapporterer dette vidare til ØKOKRIM. Det er difor viktig at bankane har insentiv til å utfylle ei rolle som portvakt.

Myndighetene i landet skal forsøke å ivareta interessene til samfunnet som heilskap, og det som i ovannemnte tilfellet vil vere viktig, er at dei har sanksjonar dei kan svare med, dersom nokon bankar snik seg unna rolla si som portvakt. I avsnitt 2.1 gjorde eg greie for oppbygningen til det finansielle systemet i Noreg, og forklarte at finanstilsynet i Noreg har som rolle å blant anna føre tilsyn med bankar. Det vil difor vere naturleg at finanstilsynet er dei som observerer og kontrollerer jobben som bankane gjer, og går inn med eventuelle sanksjonar mot enkelt bankar, dersom dei ikkje gjer ein tilfredstillande jobb.

Det vil vanlegvis vere slik for ein portvakt at ein vil i større grad oppdage i ettertid dei tilfella der aktøren feila i si rolle ex ante, enn å sjå dei tilfella der aktøren lukkast, og av denne grunn

bør ein heller straffe ein portvakt for sine feil, enn å lønne den for sin suksess. (Kraakman, 1986). Dette stemmer med strategien som er vald i modellen presentert i neste kapittel. I modellen er tanken til myndighetene at så lenge ein alltid etterforskar, vil ein kunne avdekke forsøk på kvitvasking der bankane ikkje har rapportert, og gje bankane bøter. Problemet me skal sjå er at dersom bøtene vert for høge, vil bankane rapportere alle transaksjonar for å vere sikker på å ikkje få bot. Ei mogleg løysing på dette problemet er å innføre rapporteringsgebyr (Takåts, 2011). Dersom ein lukkast med å finne ein balanse i insentiva ein gjer bankane for å rapportere det som er mistenkelig, men ikkje rapportere alt, vil bankane kunne fungere som ein effektive portvakter.

4.2 Analyse av eit portvaktregime

Analysen under er i sin heilskap basert på Kraakman (1986) sin artikkel.

På generell basis kan ein seie at utfordringa er å finne ein balanse mellom direkte handheving og støtte frå til dømes ein portvakt, slik at ein minimerer total kostnad av därleg oppførsel og handheving. Vellykka portvakting vil truleg krevje 4 ting. For det fyrste, alvorlege mislegheiter som praktisk moglege straffer ikkje fangar opp. For det andre, manglande eller utilstrekkelege private portvaktinsentiv. For det tredje, portvakter som kan og vil hindre mislegheit på ein påliteleg måte, uavhengig av preferansar og marknadsalternativa til forbrytarane. Og for det fjerde, portvakter som juridisk sett vert pålagde å avdekke mislegheit til ein akseptabel kostnad.

Dei to fyrste kriteria, er viktig for alle typar portvakting. Insentiv for private portvakter, avheng av marknadskrysninga mellom portvakter og potensielle offer for eventuell mislegheit. Ein slik marknadssituasjon kan eksistere når offera kan danne kontraktar med portvaktane direkte, eller når offera indirekte kan forme insentiva til portvaktane.

Ein skil mellom to typar portvakter, marknad portvakter, med private insentiv til å hindre mislegheit, og offentlege portvakter, som ikkje har desse insentiva.

Dei to siste kriteria for vellukka portvakting ser vekk ifrå kva som finns av alternativ til portvaktinga, og nærare på korleis portvaktinga i seg sjølv presterer, gjennom sannsynet for

at portvaktane hindrar mislegheit og kostnaden dette medfører. I dette tilfellet ser ein nærare på tilfelle der det skjer ei eller anna form for kommunikasjon/transaksjon mellom ein tredjepart og forbrytarane. Portvakten kan hindre mislegheit ved å enten nekte å ha noko form for samarbeid med forbrytaren i det heile, eller ved å nekte enkelte førespurnadar frå forbrytaren, som del av ein større transaksjon. Forbrytaren kan unngå portvaktane på to måtar; enten ved å gå ut i marknaden for å kjøpe ein meir føyelig tredjepart, eller ved å forsøke å korrumper ein kjent portvakt. Korleis kontraktane mellom dei to partane vert danna vil i stor grad påverke kva som vert utfallet av portvaktinga. For å skilje mellom ulike typar portvaktregime, kan ein bruke kontraktprosessen mellom portvakter og forbrytarar som ein basis.

Portvakter som hindrar mislegheit gjennom å ekskludere forbrytarar frå ein spesifikk marknad av varer og tenester kan kallast utkastarar. Regime der portvaktane kan oppdage og stoppe mislegheiter i eit samarbeid med dei som handhevar, kan kallast anstandsregime. Sistnemnte gjev moglegheit for meir komplekse overvakingsplikter.

4.2.1 Begrensningar på portvaktregima

Det at alle aktørar som kan stoppe mislegheiter gjennom å halde tilbake si støtte er portvakter, er ikkje det same som at alle portvakter vil vere med på å forhindre mislegheiter. For forbrytaren kan dette bety at om ein aktør nektar å samarbeide med han eller ho, så gjer det ingenting, dersom neste aktør ein går til, ikkje bryr seg om portvaktrolla, og ikkje tek avstand frå forbrytaren. Det er nokon begrensningar som gjer at portvaktregime kan vere mindre vellukka, og nokre problem er særleg vanleg å møte på.

Det eine er illegale marknader, som appellerer særskilt til forbrytarar. Desse marknadane er vanlege i utkastarregima, og den største hindringa for forbrytaren som vil gjennomføre mislegheita, vert då kostnaden ved å finne ein portvakt som er føyelig. Eit døme er legar som skriv ut falske reseptar til misbrukarar. I slike tilfelle treng ein ikkje så mange korrupte portvakt før ein får dekt mykje av etterspurnaden etter illegal støtte, og dermed vert portvaktinnsatsen til ærlege aktørar nælast heilt utan effekt. Men sjølv med desse illegale marknadane, kan dei ærlege portvaktane framleis ha ein effekt, så lenge ikkje alle forbrytarar finn dei uærlege aktørane. Dermed kan effektive portvakter eksistere side om side med dei

illegale marknadane. Det er heller ikkje slik at alle regime er like sårbare for at slike illegale marknadar skal oppstå.

For anstandsregime, vil det ofte vere slik at dei som er illegale uansett ikkje kan gjennomføre for mange ulovlege handlingar, i fare for å verte oppdaga. Eit døme er revisorar, som ikkje kan gjennomføre svindel etter svindel utan meir risiko for å verte oppdaga. Det er lite truleg å observere strukturen av ein illegalt marknad, med den kontakten som då er mellom kjøpar og seljar, i slike tilfeller. Men her og vil det alltid finnast unntak, sjølv om det er lettare å skrive ut reseptar enn å selje korrupte rekneskapstenester, vil det gjerne vere nokon revisorar (til dømes) som spesialiserer seg på føyelig portvakting i enkelte transaksjonar.

Eit anna problemet som kan oppstå i ulike portvaktregime er korруpsjon. Om det ikkje er slik at ein har illegale marknader, vil forbrytarane måtte gå til det legale marknaden for å få den tenesta dei treng. Kva som då skjer med portvakting avheng av portvakten si tilbøyelighet til korruksjon, og kva incentiv portvakten har til å utøve portvaktrolla. Nokon vil ikkje kunne kjøpast, og vere totalt avvisande til korruksjon. For andre portvakter vil spørsmålet vere kva forbrytaren kan tilby, og kva ein sjølv eventuelt kan tape på å gjennomføre korruksjonen. Incentiva til portvaktene i heile marknaden vil vere kritiske for utfallet, spesielt når eventuelle forbrytarar kan velje fritt mellom ulike portvakter. Under fylgjer nokre observasjonar i høve forholdet mellom marknadskarakteristikkar og korruksjon.

Kva straff portvaktene risikerer dersom dei opptrer som korrupte er ein måte å påverke sannsynet for korruksjon. Dersom dei som skal fungere som portvakter risikerer å miste lisensar, som dei til dømes har investert humankapital i, og som er viktig for rykte til portvakten, om dei opptrer som korrupte vil dette gjere risikoen større, og dermed korruksjon mindre attraktivt.

Portvakten sin nytte av eventuell korruksjon kjem an på forbrytaren sin betalingsvilje for korruksjonen, i teorien skulle forbrytaren vere villig til å bestikke portvakten heilt opp til den fulle verdien som mislegheita gir. Dette ville gje ein situasjon der forbrytarane og portvaktene ville gjennomføre mislegheita og korruksjonen så lenge nytten er større enn deira samla straffer. I praksis ser ein at forbrytaren ofte ikkje kan tilby truverdige bestikkelsar som reflekterer den totale forventa verdien av mislegheita.

Ein portvakt med mange og ulike klientar, har mindre å tape i forholdet med kvar klient, og sannsynet for at dei vil motta ein bestikkelse som er nok til at den overstig forventa kostnad ved korruption er mindre. Det at ein portvakt med mange klientar mister ein klient gjer ikkje så masse for den forventa inntekta hans, men det å eventuelt verte straffa for korruption og miste sitt gode rykte, vil utgjere ein mykje større risiko.

Struktur og storleik på firmaet som skal vere portvakt vil også påverke sannsynet for korruption. Ein kan tenke seg at dersom sjefen i firmaet tek avgjersler i høve portvaktrolla knytt til forventa inntekt og nytte for firmaet, vil større firma vere meir truverdige portvakter fordi dei har meir verdiar og større kundemasse. Men strukturen i firmaet vil også spele ei rolle, og kva tilhørighet dei ulike portvaktene innad i firmaet føler til firmaet sine verdiar vil påverke kor tilbøyelige dei er til korruption.

Ei løysing for forbrytarane for å unngå både det å prøve å bestikke portvakter og illegale marknader, er multippel kontraktsetjing. Forbrytaren inngår kontraktar med fleire portvakter, enten samtidig, eller etter kvarandre. Dette er ikkje eit problem dersom alle portvakter vil oppdage mislegheiter og avstå frå korruption. Om det derimot ikkje er tilfellet, vil forbrytarane ha moglegheit til å unngå å verte heldt tilbake gjennom multippel kontraktsetjing med fleire aktørar. Kor stort problemet vert kjem an på blant anna kva form for multippel kontraktsetjing som er tilgjengelig for forbrytarane. Dersom ein har portvakter som med eit visst sannsyn ikkje vil lukkast med å oppdage mislegheit, vil multippel kontraktsetjing gjere dette til eit problem som gjer at portvaktregime på generell basis vil mislukkast. Dersom oddsen er imot at ein individuell portvakt vil oppdage og stoppe mislegheit, er difor multippel kontraktsetjing ein grunn til å forlate strategien med portvakting i det heile.

4.2.2 Kostnadar ved portvakting

Kapasiteten som portvakter har til å hindre mislegheiter er berre eit av kriteria for å evaluere korleis dei fungerer. Det andre er om lovverket kan få portvakter til å gjere denne jobben til ein akseptabel kostnad. Kostnadar inkluderer både kostnadar knytt til å administrere portvaktregime, og kostnadane desse regima legg på kontraktsetjinga.

Kostnadane kan delast inn i tre kategoriar. Administrasjonskostnadene som kjem av å pålegge portvakt eit ansvar er ein del. Private kostnadene som kjem av byrdene som vert lagt på transaksjonane mellom portvaktene og dei som dei skal vakte er ein annan del. Den siste delen er tertiærkostnadene som rammar tredjepartar gjennom transaksjonane.

For at overvakkinga til ein portvakt skal leggjast til det nivået ein ynskjer, må straffene dei risikerer setjast rett, og verken portvakter eller domstolar må gjere feil. Dersom straffene ikkje er sett til eit høveleg nivå, risikerer ein at portvakten overvaker for mykje eller for lite. Om risikoen for til dømes bankane er høg, og overvakingskostnadene store, risikerer ein at portvakter basert på fordommar kan nekte å inngå kontraktar med enkelte kundar.

Kostnadene som portvakting medfører vil vere verdt det så lenge dei reduserer den totalte sosiale kostnaden knytt til mislegheiter og handheving av desse.

4.2.3 Sanksjonar og plikter som beste gjetting

Ein ting som skil bruk av tredjepartar frå direkte handheving av lova, er usikkerheita som føl med det. Både kostnaden og nytten av bruk av ein portvakt er ukjente storleikar. Me kan forvente at portvaktplikter og sanksjonar vil fylgje ein tommelfingerregel, eller beste gjetting, basert på konservative estimat om overvakingskapasiteten til portvaktene og domstolar, og bevisstheit i forhold til kor lett det vil vere å presse kostnadene for langt.

Ein måte å justere kostnadene ved portvakting, er å justere sanksjonsnivået. Viss det krevst lite innsats frå portvakten for å avsløre mislegheiter, kan milde sanksjonar vere nok til å motivere effektiv portvakting. Ein ting ein må ta omsyn til er at om mislegheitene er alvorlege og risikoen for korruption er stor, må sanksjonar brukta mot korrupte portvakter, vere linka til kva potensielle lovbrytarar kan tilby portvakta, og ikkje til kva som er portvakta sin kostnad for optimal oppførsel.

Å velje kva plikter som skal leggast på portvakta, er eit anna aspekt. Det kan vere mykje å hente ved å pålegge ein tredjepart som allereie overvakar, fleire plikter. Fleire plikter og meir ansvar vil auke kostnadene og risikoen for portvakta, men det kan likevel totalt sett gje eit betre utfall om ein utvidar pliktene til overvakning. Ofte ser ein dermed at pliktene til ein

portvakt ikkje berre omfattar å hindre mislegheit, men og plikter til å utvikle velfungerande overvakning. Det vil ikkje alltid vere like klart korleis ein portvakt skal handtere sine ekstra plikter til overvakning. Å ta omsyn til kontekst vil vere viktig, når ein pålegg plikter til å overvake på ein tredjepart. Det er viktig at pliktene stemmer overens med den rolla som portvakta har, og den jobben portvakta vanlegvis utfører.

4.2.4 Er portvakting det beste alternativet?

Portvakting er ikkje den beste strategien å velje, dersom auka straffer retta mot eventuelle lovbytarar kan hindre den same skaden som ein portvakt, til ein billegare pris. På same måte gjeld andre vegen, om portvakting er det billigaste og beste alternativet. Trikset er å finne den optimale strategien for begge deler. Men, moglege kombinasjonar mellom strategiane er mange.

Dei mest lovande omstenda for å bruke ein portvakt, er når forventa straff for ein lovbytar ikkje kan aukast. Nokre viktige faktorar som vil vere med på å avgjerde om portvakting viser seg å vere ein bra strategi, er om portvaktene er korrupte eller ærlege og om dei faktisk har reell moglegheit til å avsløre eventuelle lovbroter (Kraakman, 1986).

4.3 Norske bankar som portvakter eller varslarar

Rolla til norske bankar i høve anti-kvitvaskingsarbeid sjåast på som ei rolle som ein varslar eller ein portvakt. Banken er ein av dei aktørane som tilbyr tenester som kriminelle i mange tilfelle er avhengig av for å få kvitvaska utbyttet sitt, og det gjer den til ein potensiell tredjepart for å hindre at kvitvasking skal skje.

I ein del tilfelle er det allereie gjort ei kriminell handling når pengar skal kvitvaskast gjennom banksystemet. Likevel sit bankane på ei moglegheit til å vere portvakter, med potensielt både ex ante og ex post effektar. Bankane kan hindre kvitvaskinga, og dermed hindre gjennomføringa av eit lovbroter. Dersom til dømes banken vert nytta for å flytte pengar til eit skatteparadis for å unndra seg skatt, kan banken vere med på å stoppe ein prosess før lovbroter faktisk vert gjennomført. Samtidig kan banken rapportere mistenkelige

transaksjonar til EFE, og dette kan bidra til å avsløre kriminelle handlingar som har generert utbytte. Dermed kan banken bidra til at kriminelle kan verte straffeforfylgt ex post.

Ein varslar er ein som oppdagar forsøk på därleg oppførsel og rapporterer dette vidare til nokon som kan ordne opp. Ein portvakt tilbyr eit eller anna som forbrytaren er avhengig av for å lukkast, og kan skape problem for forbrytaren ved å halde tilbake dette gode, dersom det oppstår ein mistanke til at forbrytaren har gjort eit lovbro. Portvaktplikter er vanleg, medan det å sjå varslarplikter er sjeldan. Dette trass at varsling både gir betre sjansar for å hindre därleg oppførsel, og er ofte tilgjengeleg når ikkje portvakter er eit alternativ. Portvaktstrategi kan ein kun bruke i dei tilfella der det allereie eksisterer eller kan etablerast ein portvakt, medan varslarstrategi er tilgjengeleg så lenge ein privat aktør kan setjast til å overvake for å avsløre og rapportere därleg oppførsel. Ei mogleg årsak til det likevel er mest vanleg å sjå portvaktstrategi er at varslarstrategi gjev potensielt mykje større tap for dei som er mistenkt for därleg oppførsel, og at desse tapa kan ramme også uskyldige. Eit enormt ansvar fell på dei private overvakarane, og dette kan gje dei som vert overvaka insentiv til å halde tilbake informasjon frå potensielle overvakarar. På same måte kan dette gje dei som skal overvake, insentiv til å unngå varsling (Kraakman, 1986).

Dersom ein forbrytar som har utbytte han eller ho skal kvitvaske og tek dette med i ein bank, ber om å få sett det inn på ein eller fleire kontoar, er den personen forbrytaren møter bak skranken i banken, i posisjon til å utøve ei rolle som både portvakt og varslar. Det lovpålagte ansvaret som ligg på den bankansatte er at dersom det oppstår ein vag mistanke om at dette kan vere utbytte frå ei straffbar handling, skal det sendast rapport til ØKOKRIM. I dette tilfellet kjem det inn ein person med kontantar som skal inn på konto, personen har gjerne ikkje nokon god forklaring på kor desse pengane kjem frå, og det bør dukke opp ein vag mistanke hjå den bankansatte om at det er noko som ikkje stemmer her. Her har den bankansatte moglegheita for å opptre som ein portvakt. Personen bak skranken sit på ein teneste som forbrytaren i dette tilfellet treng for å få nytte ut av utbytte som han eller ho har skaffa seg. Dersom denne tenesta ikkje vert tilgjengelig, minkar verdien av lovbroten for den kriminelle. Lova seier at rapporteringspliktige ikkje skal gjennomføre mistenkelige transaksjonar før eventuell mistanke er avkrefta.

Vidare seier undersøkingsplikta at personen bak skranken skal gjere nærmere undersøkingar før transaksjonen vert gjennomført, og avkrefte eller bekrefte mistanke. Den bankansatte kan til dømes undersøke kva som går inn og ut av konto til kunden, vurdere om det er grunn til å tru at kontantane han vil ha sett inn kjem frå ærlege aktivitetar, eller om det er grunn til å tru at dette kan vere midlar som stammar frå ei kriminell handling. Dersom mistanken ikkje vert avkrefta, skal det sendast MT-rapport til ØKOKRIM, dette kjem som nemnt av rapporteringsplikta i kvitvaskingslova. Her kan den bankansatte oppstre som ein varsler, ved å oppdage eit potensielt lovbro og å rapportere dette vidare til ØKOKRIM.

Løysingar med bruk av tredjepartar er aktuelle når vanleg handheving av lovene feilar, fordi mange kriminelle er ignorant overfor straffene, og ein har grunn til å tru at tredjepartane kan gjere ein skilnad. Eg vil seie at dette er oppfylt i høve bruk av bankane som desse tredjepartane for rapportering av mistenkelige transaksjonar. Bankane sitt på mykje informasjon som kanskje ikkje elles kunne vorte tilgjengelig for myndighetene, og dei kan gjere ein skilnad ved å rapportere inn dei mistenkelige tilfella.

At bankane når dei varslar potensielt kan rapportere inn uskulde personar og lovlege transaksjonar, er ikkje i seg sjølv eit problem, fordi EFE som mottek informasjonen ikkje tar ut tiltale, og feilinformasjon er lite sannsynleg å kunne ramme den som har vore ein del av transaksjonen i rapporten, på nokon måte. I høve problemet som eg nemnte over knytt til varsling, som kan ramme uskulde, ser eg ikkje det som eit relevant problem her. Meir problematisk vil det gjerne kunne vere for ein uskuldig kunde å oppleve at ein transaksjon eller konto vert fryst, utan at det eigentleg er nokon grunn til dette.

For at ein skal få det nivået av overvakning som ein ynskjer, må sanksjonane som tredjeparten risikerer setjast til rett nivå. Viss ein ikkje lukkast med sanksjonsnivået, risikerer ein over- eller underrapportering. Det vil som nemnt vere meir hensiktsmessig å straffe for feil, enn å belønne for suksess. Sanksjonsnivået vil også vere med på å påverke kor tilbøyelig ein tredjepart vert for korruption (Kraakman, 1986). Vidare i oppgåva, vil ulike teoriar vise at å finne det riktige sanksjonsnivået for å ikkje få over- eller underrapportering, er ein av dei mest sentrale problemstillingane i høve bankar si rapporteringsplikt.

Eit anna poeng frå teorien presentert over er om pliktene ein pålegg ein tredjepart, til dømes bankar, er tilpassa eit høveleg nivå, og om det er klart for den som vert pålagt desse pliktene,

korleis dei skal utførast. Dette er også noko som eg seinare i oppgåva vil kome nærmere inn på, og det har vore mykje diskutert etter at ein no har fått ei risikostyrt tilnærming til anti-kvitvaskingsarbeid, at eit stort ansvar ligg på bankane, ikkje berre til å overvake og rapportere, men og til å bygge opp eit godt system og gode rutinar rundt arbeidet. Ein kan påstå at det kanskje ikkje i alle tilfelle er like klar og tydeleg korleis dei ekstra pliktene som er pålagt bankane skal utførast.

Portvaktteori viser både at ulike faktorar vil avgjere om ein tredjepart i det heile kan fungere som ein portvakt (eller varslar), kva dette vil koste og kor vellukka det vil vere. Vidare i oppgåva vil eg sjå nærmare på teoriar som ser meir konkret på forholda rundt bankar som rapporteringspliktige, insentiva deira og forholdet til tilsynsmyndighet og eininga dei rapporterer til.

5 Insentivmodell for bankane – ein privat aktør med eit stort ansvar

"Nøkkelen til å avsløre økonomisk kriminalitet, er lover som pålegger banker og utpekte grupper av næringsdrivende å rapportere om mistenkelige transaksjoner." (Finansdepartementet, 2013b)

Dette uttala dåverande president i FATF Bjørn Skogstad Aamo, i ein kronikk i Finansavisen 18.06.2013. Han peikar på kor viktig rolla til bankar, i lag med andre grupper næringsdrivande, er i arbeidet mot økonomisk kriminalitet. Kvittvasking er ein sentral del av økonomisk kriminalitet, då økonomisk kriminalitet er profittmotivert og ein er avhengig av å kvittvaske profitten. Det vert mindre attraktivt å gjennomføre økonomisk kriminalitet dersom ein ikkje får kvittvaska profitten (Finansdepartementet, 2013b).

Også Finans Norge understrekar kor viktig det er at bankar tek ansvaret dei er pålagd i høve å avdekkje kvittvasking på alvor, dei seier at finansinstitusjonar må i endå større grad vere obs på kvittvasking og økonomisk kriminalitet. Bakgrunnen for dette er at det vert stadig meir økonomisk kriminalitet og metodane vert meir avanserte. Dei som har behov for å kvittvaske pengar, finn stadig nye måtar å gjere dette på (Finans Norge, 2013). Dermed må bankar og andre rapporteringspliktige vere endå meir på vakt og ha endå betre rutinar for å kunne ligge eit skritt framfor dei kriminelle.

Alle bankar i Norge er gjennom kvittvaskingslova pålagde undersøkings- og rapporteringsplikt knytt til mistanke om kvittvasking. Det inneberer at i alle tilfelle der transaksjonar av ein eller annan grunn vekker mistanke om tilknyting til kvittvasking av pengar, skal det gjerast nærmare undersøkingar for å bekrefte eller avkrefte mistanken. Dersom ein ikkje gjennom nærmare undersøking avkreftar mistanke, skal dette resultere i ein MT-rapport til ØKOKRIM.⁸

Unger har skrive om korleis anti-kvittvaskingsarbeid har vorte eit viktig tema i vesten, men at ein framleis veit lite om kva effektar dette arbeidet har. Reduserer ein kvittvasking og


⁸ Dette er nærmare beskrive over, sjå avsnitt 4.3.

kriminalitet med det arbeidet ein gjer (Unger, 2009)? Det eg skal sjå nærare på i denne oppgåva, er det leddet i arbeidet som gjeld rapportering frå privat sektor, nærare bestemt bankane, av mistenkelige transaksjonar til myndighetene, eller ein Finance Intelligence Unit.

5.1 Litt statistikk

I 2011 vart det avrekna 1.8 milliardar transaksjonar i NICS⁹, med ein sum på totalt 56 000 milliardar NOK (Finansnorge, 2012). Antall utgående grensekryssande transaksjonar via norske bankar til andre land var 6 010 999 og antall inngående grensekryssande transaksjonar via norsk bank frå andre land var 2 556 517. Totalt eit beløp på 3 096 483 millionar NOK kom inn eller forsvann ut av Noreg via bank i 2011 (SSB, 2012a). I 2011 mottok ØKOKRIM 2529 MT-rapportar frå norske bankar (ØKOKRIM, 2012a). Ein kan sjølv sagt ikkje sjå desse tala i direkte samanheng, og det vil verte feil å direkte samanlikne tal for antall transaksjonar med antall MT-rapportar. Det eg likevel vil merke meg er at det er enorme storleikar det er snakk om når ein ser på antall transaksjonar som vert gjennomført via bank på eit år, samstundes så er ikkje talet på MT-rapportar som ØKOKRIM mottek spesielt høgt samanlikna med dette. 2529 MT-rapportar utgjer 0.0014 % av totalt 1.8 milliardar transaksjonar som vert avrekna i NICS.

Figur 2 Innsendte MT-rapportar frå bankar frå 2007-2011




⁹ NICS (Norwegian Interbank Clearing System) er bankane sitt hovudavrekningssystem. Alle bankar og deira kundar sine betalingstransaksjonar, samt transaksjonar mellom bankar går gjennom NICS (Finans Norge, 2012).

Figuren viser antall MT-rapportar som vart sendt inn frå bankar til EFE i åra 2007-2012. Me ser at nivået varierer mellom 2000 og 3000, med det høgste nivået i 2012. Tala frå 2007-2011 er henta frå ØKOKRIM (2012a). Tala frå 2012 er henta frå ØKOKRIM (2013b).

Terskelen for å rapportere til ØKOKRIM skal ikkje vere høg, og det er difor sentralt å spørje seg om alle transaksjonar som bør resultere i ein MT-rapport gjer det. For bankane vil det krevje at ein legg ned ressursar for å sørge for at dette vert gjort. Alt som krev ressursar vil koste pengar, og ein vil difor måtte vurdere nytte av eit tiltak opp mot kostnaden det medfører.

Figur 3 Antall etterforska lovbroter; heleri og kvitvasking, 1994-2012



Figuren viser antallet for etterforska lovbroter innanfor heleri og kvitvasking i åra 1994 til 2012. Den tydelegaste trenden er auke fram til år 2004, medan det etter det har vore nedgang frå 2004 – 2012. Tala er henta frå statistisk sentralbyrå (2012b) for 1994- 2010, frå statistisk sentralbyrå (2013b) for 2011 og statistisk sentralbyrå (2014) for 2012.

Det vil vere vanskeleg å seie noko om samanhengen mellom antall MT-rapportar og antall etterforska lovbroter for heleri og kvitvasking, då det vil vere veldig mange andre faktorar som spelar inn på antall etterforska lovbroter. Det er likevel interessant å observere at ein til trass for

Auka fokus på anti-kvitvaskingarbeid dei siste åra, ser ein nedgang i antall etterforska lovbrot innan heleri og kvitvasking.

Vidare vil eg presentere ein modell som ser på bankane sine insentiv til å rapportere inn mistenkelige transaksjonar.

5.2 Ein insentivmodell for rapportering med bruk av bøter

For ein kriminell kan det vere ein nøyne gjennomtenkt slutning å enten gjennomføre lovbrot eller ikkje, og ein del av vurderingsprosessen vil vere å vurdere nytten av å gjennomføre lovbrotet. Ved økonomisk kriminalitet er profitten nytten ein får ut, og dersom det vert vanskelegare å kvitvaske pengane, og på den måten få dei inn som ein del av den legale økonomien, kan dette gjere lovbrotet i seg sjølv mindre attraktivt. Bankane er ein av dei aktørane som kriminelle kan nytte som eit instrument i kvitvaskinga. Dersom bankane har insentiv til å avdekke moglege forsøk på kvitvasking, og å rapportere mistenkelige transaksjonar til ØKOKRIM, ser ein difor at desse insentiva kan vere med på å gje totalt sett mindre økonomisk kriminalitet i samfunnet. For ein kriminell som til dømes omset narkotika og tener mykje pengar på dette, vil det kanskje vere eit mindre aktuelt lovbrot dersom sjansen for å verte avslørt aukar i kvitvaskingsprosessen, dette vil gje auka risiko for både tap av utbytte og fengselsstraff.


I det følgjande vert det sett opp ein insentivmodell som ser på bruk av bøter frå myndighetene si side, og kva effekt dette har på bankane sine insentiv til rapportering. Modellen er henta frå artikkelen ”A Theory of ”Crying Wolf”: The Economics of Money Laundering Enforcement” (Takáts, 2011).

5.2.1 Føresetnader for modellen

I modellen ser ein på agentproblemet mellom myndighetene og bankane. Myndighetene treng informasjon som banken har, for å kunne undersøke om ein transaksjon er kvitvasking eller ikkje. Dersom banken overvaker ein transaksjon, får den eit signal om transaksjonen. Ein informert bank kan varsle myndighetene gjennom ein MT-rapport, dersom signalet tyder på at dette er ein transaksjon knytt til kvitvasking. I Noreg blir dette gjennomført i praksis

ved at ein bank overvaker transaksjonar, og bruker dei signala dei får til å sende MT-rapportar til ØKOKRIM. I denne modellen gir myndighetene bankane incentiv til å overvake og å rapportere mistenkelige transaksjonar gjennom bruk av bøter mot bankane. Forholdet kan illustrerast som i figuren under.

Figur 4 Samspel mellom dei ulike aktørane



Figuren viser korleis samspel mellom myndigheter, banken og transaksjonane som myndighetene ynskjer informasjon om vil føregå.

Kjelde: Takáts (2011)

5.2.2 Økonomi og spelarar

I modellen finn det stad transaksjonar, som er enten kvitvasking eller ein legal transaksjon.

Apriori sannsyn for at ein transaksjon er kvitvasking er $\alpha \in (0, \frac{1}{2})$. Ved kvitvasking vert samfunnet påført skade lik $h > 0$. Myndighetene og banken utgjer eit prinsipal-agent forhold, der begge er antatt å vere risikonøytrale. Banken maksimerer privat profitt, medan myndighetene maksimerer sosial velferd.

Det å overvake og rapportere transaksjonar medfører kostnader, og dermed redusert profitt for banken. Profitten minkar også dersom banken får bot (F). Me antek at kostnader og inntekter knytt til sjølve gjennomføringa av ein transaksjon ikkje påverkar profitten til banken, ved at differansen mellom gebyret som kunden betaler og banken sin kostnad ved å gjennomføre transaksjonen vert normalisert til null.

Sidan $h > 0$, minkar sosial velferd når pengar vert kvitvaska. Det å ta ut tiltale for kvitvasking av pengar, aukar den sosiale velferda med ρh , $\rho > 0$. ρ , representerer ein betringsrate, som viser andel skade på sosial velferd som vert forhindra ved tiltale. Nyte ρh kan tolkast som nytte på redusert form frå beslaglegging av ressursar, frå å verke avskrekkande på kvitvasking og andre kriminelle handlingar som resulterer i kvitvasking av utbytte, og frå å førebygge framtidig kriminalitet ved å stoppe eller forstyrre pengestraumane. Dess meir skadeleg kvitvasking er for samfunnet, dess meir nyttig er det å ta ut tiltale mot det. Bøter påverkar ikkje den sosiale velferda, men kostnader ved etterforsking som myndighetene utøver og overvakninga til bankane, gjer at den sosiale velferda minkar.

Agentproblemet i modellen oppstår fordi banken, som maksimerer privat profitt, ikkje utan vidare internaliserer sosial gevinst som kjem av å ta ut tiltale mot kvitvasking, ρh . For å få implementert dei tiltaka som er ynskjeleg frå eit sosialt velferds synspunkt, slik at banken skal overvake og rapportere transaksjonar, bruker myndighetene bøter.

5.2.3 Trekkrekkefylgje

Modellen har fem periodar:

1. Ein transaksjon er enten legal eller kvitvasking av pengar, dette vert valt av naturen i periode 1
2. Banken utøver innsats for å overvake transaksjonen, for å finne ut om det er signal på at dette er ein transaksjon knytt til kvitvasking.
3. Den informerte banken, som har observert signal på om transaksjonen er knytt til kvitvasking, bestemmer seg for om den skal rapportere inn transaksjonen eller ikkje.
4. Myndighetene tek imot og observerer rapportar, og set i gang etterforskinsinnsats.
5. Dersom det vert tatt ut påtale for kvitvasking av pengar, og banken ikkje har rapportert ein transaksjon knytt til dette, vert banken straffa med bot.

5.2.4 Signalstruktur

Banken kan motta eit informativt signal (σ) om transaksjonen. Me antar at signalet er binært og tar enten høg eller låg verdi, 1 eller 0, slik at $\sigma \in \{0,1\}$. Dersom transaksjonen er kvitvasking, er sannsynet for at signalet tek den høge verdien (1), δ . Sannsynet for at signalet tek verdien (0), sjølv om transaksjonen er kvitvasking, er $1-\delta$. Dersom transaksjonen ikkje er kvitvasking, er sannsynet for at signalet tek den låge verdien (0), δ . Sannsynet for at signalet tek den høge verdien (1), sjølv om transaksjonen ikkje er kvitvasking, er $1-\delta$. Ved symmetri kan δ tolkast som presisjonen til signalet. Dess høgare δ er, dess større er sannsynet for at eit signal med høg verdi faktisk indikerer kvitvasking, og at eit signal med låg verdi faktisk indikerer ein legal transaksjon.

Sannsynet δ er begrensa til å vere meir enn ein halv, slik at $\delta \in (\frac{1}{2}, 1)$. Ein transaksjon som er kvitvasking vil med størst sannsyn gje signal med høg verdi, og ein transaksjon som ikkje er kvitvasking vil med større sannsyn gje signal med låg verdi. Dermed vil det å observere eit høgt signal implisere at denne transaksjonen mest truleg er kvitvasking.

Vidare set me opp sannsyna for at ein transaksjon er kvitvasking, gitt at signalet er lågt eller høgt. Me bruker då posterior sannsyn og Bayes' regel. β_0 er sannsynet for at ein transaksjon er kvitvasking når signalet tar låg verdi. β_1 er sannsynet for at ein transaksjon er kvitvasking når signalet tar høg verdi. Sannsyna, der KV står for at ein transaksjon er knytt til kvitvasking, er:


$$\begin{aligned}\beta_0 &= \Pr(KV | \sigma = 0) = \frac{\alpha(1-\delta)}{\alpha + \delta - 2\alpha\delta}, \\ \beta_1 &= \Pr(KV | \sigma = 1) = \frac{\alpha\delta}{1 - \alpha - \delta + 2\alpha\delta} > \beta_0.\end{aligned}$$

Me ser at β_1 må vere større enn β_0 fordi uttrykket for β_0 har både ein mindre teljar og ein større nemnar enn uttrykket for β_1 . Dette ser me fordi me veit at $\alpha \in (0, \frac{1}{2})$ og $\delta \in (\frac{1}{2}, 1)$.

5.2.5 Sett av handlingar for aktørane

Myndighetene etterforskar transaksjonar og gir bøter til bankane. Innsatsnivå (I) på etterforskinga bestemmer sannsynet for å oppdage om transaksjonen er legal eller knytt til kvitvasking av pengar, når det vert oppdaga kvitvasking vert det tatt ut tiltale. Innsats til etterforsking er kostbart, og antatt å vere kvadratisk i etterforskingsinnsats med parameter $k > 0$: kI^2 .

Figur 5 Etterforskingsinnsats



Figuren er laga basert på funksjonen frå modellen, for å illustrere korleis det at funksjonen er kvadratisk gjer at kostnadane aukar meir enn proporsjonalt med innsatsen, når ein aukar etterforskingsnivået.

Myndighetene sin etterforskingsinnsats er avhengig av banken sine rapportar. Ved ingen rapportering er etterforskingsinnsatsen I_0 , medan ved rapportering er etterforskingsinnsatsen I_1 . Myndighetene kan binde seg til etterforskingsnivå lik beste respons. Når fleire likevekter er mogleg, kan myndighetene implementere den likevekta som gjev høgast sosial velferd.

Myndighetene bøtelegg banken ($F \geq 0$). Desse bøtene kostar ingenting for samfunnet, fordi dei kun representerer ei velferdsoverføring frå banken til myndighetene. Banken får bot dersom dei ikkje har rapportert inn ein transaksjon der det seinare vert tatt ut tiltale for kvitvasking av pengar. Myndighetene kan binde seg til å pålegge bøter, med førehandsbestemt storleik. Myndighetene sitt sett av handlingar har då tre element:

$$(I_0, I_1, F) \in ([0,1]^2 \times [0, \infty)).$$

Tolkinga er at I_0 og I_1 , som er etterforskingsinnsats, representerer eit sannsyn, og er dermed begrensa til intervallet 0 til 1. Bøtene kan vere frå 0 og i teorien opp til uendelig.

Banken overvaker transaksjonar og rapporterer til myndighetene. Banken sin overvakingsinnsats (M) er antatt binær, og tar enten høg ($M=1$), eller låg ($M=0$) verdi, slik at $M \in \{0,1\}$. Med høg innsats ($M=1$) mottek banken alltid signalet (σ), og med låg innsats ($M=0$) mottek banken aldri signalet (σ). Kostnaden ved høg innsats på overvaking er normalisert til $m > 0$, og 0 ved låg innsats.

Dersom banken ikkje mottek signalet (σ), kan den heller ikkje rapportere. Dersom banken mottek signalet, har den ein terskel for å rapportere, $T \in \{0,1\}$. Banken rapporterer alle signal som er høgare enn T , og lar vere å rapportere signal som er lågare enn T . Banken sitt sett av handlingar har to element:

$$(M, T) \in (\{0,1\}^2).$$

Gitt tidskonsistens, binder begge spelarane seg til sine respektive strategiar samtidig, og i byrjinga av spelet.

5.2.6 Endelige føresetnader for modellen

Seks snarvegar knytt til sannsyn vert introdusert for å presentere modellen på ei meir konsis form. Sannsynnotasjon betinga på terskelen for å rapportere er oppsummert som:

p_T - sannsyn for å rapportere, $T \in \{0,1\}$.

q_{0T} – sannsyn for at transaksjonen er kvitvasking gitt ingen rapportering

q_{1T} – sannsyn for at transaksjonen er kvitvasking gitt rapportering

Sannsyna avheng av terskelen for å rapportere, T . Dersom $T=0$, rapporterer banken alle signal, slik at $p_0=1$. Dersom $T=1$, rapporterer banken kun transaksjonar med høgt signal, slik at $p_1=1-\alpha-\delta+2\alpha\delta$.

Einingsverdi av terskelen for å rapportere, $T=1$, impliserer at rapporten formidlar banken sitt signal heilt feilfritt. Det betyr at det at ein rapporterer impliserer at signalet er høgt, slik at $q_{11}=\beta_1$. Ingen rapport impliserer at signalet er lågt, slik at $q_{01}=\beta_0$. Låg verdi på rapporteringstterskelen, $T=0$, gir uinformativ rapportering. Då er sannsynet for at transaksjonen er kvitvasking det same med eller uten rapport, likt som det ubetinga sannsynet $q_{10}=q_{00}=\alpha$.

Fire antakingar avsluttar oppsettet på modellen. For det fyrste så er løysinga fokusert på delspelperfekte likevekter i reine strategiar for å gjere tolkinga lettare. For det andre, er det antatt at parametrane er slik at i fyrst best likevekta, når ein ser bort frå agentproblemet, så vil bankane overvake og rapportere. Denne antakinga er konsistent med premissa som ligg bak arbeidet mot kvitvasking, som er at bankane må overvake klientane sine. Nødvendige og tilstrekkelege restriksjonar på parametrane for at den andre antakinga skal gjelde er:

$$\begin{aligned} & \frac{[\alpha(1-\delta)\rho h]^2}{4k(\alpha+\delta-2\alpha\delta)} + \frac{(\alpha\delta\rho h)^2}{4k(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)} - \frac{(\alpha\rho h)^2}{4k} \\ & > (\alpha+\delta-2\alpha\delta)c + m \end{aligned} \quad (1)$$

Denne parameterrestriksjonen impliserer at bankane si overvaking og rapportering, vist på høgresida, er relativt billigare samanlikna med gevinstane som kjem av å ta ut tiltale for kvitvasking, vist på venstresida.

For det tredje antek ein at myndighetene si etterforsking er tilstrekkelig kostbar til å sikre at det vert indre løysingar på etterforskinga. Den formelle parameterrestriksjonen er:

$$\frac{\alpha\delta\rho h}{2(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)} < k. \quad (2)$$

Restriksjon (2) impliserer at myndighetene aldri set fyrst best etterforsking til ein. Årsaka til dette er at etterforsking er så kostbart at litt usikkerheit rundt påtale er å føretrekke, framfor å bruke dei nødvendige ressursane for å kunne slå fast sanninga med sikkerheit.

For det fjerde så vert det anteke at når ein aktør er indifferent mellom handlingar, så vil den velje den handlinga som er best for den andre aktøren. Dette kan tolkast som ei svak forståing av felles mål.

5.3 Løysing av modellen

Modellen vert løyst i tre steg. Fyrst ser ein på fyrst best likevekta. Deretter ser ein på nest beste likevekta, der ein analyserer banken sitt insentivproblem. Til sist ser ein på andre beste likevekta i spelet når ein har eksogent bestemte bøter. Her kjem problemet med at det vert ropt ulv fram. Overdrivne høge bøter vil trigge overdriven rapportering, som tynner ut informasjon og hindrar moglegheit for å ta ut tiltale mot kvitvasking.

5.3.1 Fyrst best likevekt

Me skal fyrst sjå på tilfelle der ein ser vekk ifrå banken sitt insentivproblem, og får fyrst best likevekta. Denne vert løyst gjennom maksimering av sosial velferd. Me bruker snarvegane knytt til sannsyn frå avsnittet over, og setter opp maksimeringsproblemet:

$$\begin{aligned} \max_{I_0, I_1, F, M, T} W = & M \left[(1 - p_T) (q_{0T} I_0 \rho h - kI_0^2) + p_T (q_{1T} I_1 \rho h - kI_1^2 - c) - m \right] \\ & + (1 - M) [\alpha I_0 \rho h - kI_0^2] - \alpha h \end{aligned} \quad (3)$$

Tolkinga til likning (3) er rett fram. Det fyrste leddet viser velferd når banken er informert, som skjer ved sannsyn M . Det er sannsyn $(1-p_T)$ for at den informerte banken ikkje rapporterer. Dersom dette er tilfelle, så er det sannsyn lik q_{0T} for at transaksjonen likevel er kvitvasking. Det vert då tatt ut tiltale mot kvitvaskinga med sannsyn I_0 , og det vil gje nytte ρh . Myndighetene si etterforsking kostar kI_0^2 . Med sannsyn p_T vil den informerte banken rapportere. Sannsynet for at transaksjonen er kvitvasking er q_{1T} , og det vert teke ut tiltale mot kvitvaskinga med sannsyn I_1 . Myndighetene si etterforsking kostar kI_1^2 , og banken får rapporteringskostnad lik c . Kostnaden m er den kostnaden banken pådreg seg for å vere informert.

Det andre leddet beskriv velferd når banken ikkje er informert, noko som skjer ved sannsyn $(1 - M)$. Då er sannsynet for at transaksjonen er kvitvasking lik det betinga sannsynet α . Det vert tatt ut tiltale med sannsyn I_0 . Myndighetene sin kostnad for etterforsking er kI_0^2 . Det tredje leddet summerer sosialt velferdstap (h) som kvitvasking medfører, og sannsynet for at det skjer er α .

To eigenskapar ved fyrst best problemet kjem fram av likning (3). Det eine er at utan eit regime som arbeider mot kvitvasking, der banken overvaker og rapporterer, og myndighetene etterforskar, vert den sosiale velferda lik $-\alpha h$. Det andre er at omfordelande bøter (F) ikkje spelar noko rolle ved fyrst best likevekt.

Fyrst best løysinga kan bestemmost intuitivt gjennom å fokusere på det begrensa antalet av ulike bankhandlingar. Myndighetene sitt beste svar for etterforsking til bankhandlingane kan

bestemmast direkte. Vidare, gir myndighetene sitt beste svar moglegheit for enkel kvantifisering av velferd som føl av kvart sett av bankhandlingar. Bankhandlingssettet ($M=1$, $T=0$) kan umiddelbart ekskluderast, då det ikkje kan vere fyrst best likevekt. Dette settet av handlingar gir ein situasjon der banken tilfører unyttig informasjon, ved å rapportere alle signal, med positiv overvakingskostnad (m) og rapporteringskostnad (c). Velferda kunne her enkelt aukast gjennom å la vere overvake og rapportere.

Dette etterlet to moglege fyrst best likevekter. For den fyrste likevekta der banken ikkje overvaker ($M=0$), og ikkje tilfører informasjon til myndighetene ($T \in \{0,1\}$). Når banken ikkje er informert, så speler ikkje valet av terskelen for å rapportere nokon rolle, fordi banken uansett ikkje rapporterer. For det andre likevekta der banken overvaker ($M=1$), og rapporterer ved høg terskel ($T=1$). Parameterrestriksjonen i likning (1) impliserer at likevekta med bankovervaking og høg terskel for å rapportere gir høgare sosial velferd. Derfor er dette den unike reine strategien i fyrst best likevekta. Argumentet vert formalisert i resultat 1 under.

Resultat 1: Gitt vilkår (1), vil bankane overvake ($M=1$) og rapportere kun mistenklig transaksjonar med høgt signal ($T=1$), i fyrst best likevekta. Myndighetene sitt beste svar betinga på ingen rapport (I_0^*) og rapport (I_1^*) er bestemt av parametrane under:

$$I_0^* = \frac{q_{01}\rho h}{2k} = \frac{\alpha(1-\delta)\rho h}{2k(\alpha+\delta-2\alpha\delta)} < I_1^*, \quad (4)$$

$$I_1^* = \frac{q_{11}\rho h}{2k} = \frac{\alpha\delta\rho h}{2k(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)} < 1. \quad (5)$$

Myndighetene utsteder ikkje bøter ($F=0$) i fyrst best likevekta. Eg definerer vidare formelt likevekta som implementerer fyrst best velferd og handlingar.

Definisjon 1 (Fyrst best likevekt). Den likevekta som implementerer fyrst best sosial velferd (W^*) og handlingane frå resultat 1, ved å bruke bøter, er kalla fyrst best likvekt med bot F .

5.3.2 Nest beste

I nest beste problemet vil myndighetene, som i fyrst best problemet (3), maksimere sosial velferd, med omsyn til banken sin profittmaksimering, vist under i (6) og (7):

$$\Pi(M, T, I_0, I_1) = -M[(1-p_T)q_{0T}I_0F + p_Tc + m] - (1-M)\alpha I_0F, \quad (6)$$

$$IC\{M, T\} = \operatorname{argmax} \Pi(M, T, I_0, I_1) \quad (7)$$

Det er to hovudvilkår ved banken sin profitt vist i likning (6). For det fyrste er sannsynet M for at banken er informert. Den informerte banken rapporterer ikkje med sannsyn ($1-p_T$), men sjølv om dette er tilfellet så er det sannsyn q_{0T} for at transaksjonen likevel er kvitvasking. Myndighetene oppdagar kvitvaskinga med sannsyn I_0 , og gir banken bot F . Banken vil med sannsyn p_T rapportere, med ein kostnad c . For å vere informert har banken påteke seg overvakingskostnad m .

For det andre er det sannsyn ($1-M$) for at banken er uinformert, og då ikkje kan rapportere. Transaksjonen er kvitvasking ved sannsyn α , og myndighetene vil ta ut tiltale mot kvitvasking med sannsyn I_0 , og då gje banken bot F .

Myndighetene føretrekk å implementere fyrst best likevekta, som krev handlingane $(M=1, T=1, I_0=I_0^*, I_1=I_1^*)$. Problem med å få innført denne likevekta er at det insentivmessig vil krevje både svake og sterke bøter. På den eine sida må bøtene vere høge nok til at banken ikkje vel alternativet med å ikkje overvake, slik at ($M=0$), på den andre sida må bøtene vere låge nok til at banken ikkje rapporterer alle signal ($T=0$). Dersom ein lukkast med å sette bøtene tilstrekkelig låge og høge, vert fyrst best implementert, fordi myndighetene kan binde seg til å etterforske på nivå med fyrst best likevekta. Dette er summert i resultat 2 under.

Resultat 2. Fyrst best likevekta kan implementerast med bøter i intervallet $[F^*, FF^{**}]$ kun dersom $F^* \leq F^{**}$, der

$$F^* \equiv 2k(\alpha + \delta - 2\alpha\delta) \frac{(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)c+m}{\alpha^2\delta(1-\delta)\rho h},$$

$$F^{**} \equiv \frac{2kc(\alpha+\delta-2\alpha\delta)^2}{[\alpha(1-\delta)]^2\rho h}.$$

Handlingssettet frå fyrst best velferdsnivået er implementerbar i nest beste dersom dei passar insentivmessig og maksimerer banken sin profitt. Bøtene kan vere tilstrekkelig svake og sterke dersom rapportering er tilstrekkelig kostbart (c er tilstrekkelig høg) samanlikna med overvakingskostnadene (m). Intuitivt betyr dette at dersom det er billegrunn å rapportere, men bøtene er såpass høge at banken vil overvake, så vil banken også rapportere alle signal.

Resultat 3. Fyrst best likevekta er implementerbar viss og berre viss rapportering er tilstrekkelig kostbart samanlikna med overvaking

$$m \leq \frac{(1-\alpha)(2\delta-1)}{(1-\delta)} c. \quad (8)$$

Dette vilkåret er ekvivalent med $F^* \leq F^{**}$, banken vert straffa for falske negativer, noko som avskrekkjer banken frå å rope ulv. Ein av hovudinnsiktene som modellen gir i forhold til kvitvasking og bankrapportering kjem fram her, aukande rapporteringskostnadene kan vere avgjerande for å få implementert fyrst best likevekta. Rapporteringsgebyr kan auke høgresida i (8), inntil fyrst best er implementerbart.

Alle likevekter med null overvaking frå banken si side ($M=0$), deler ein del eigenskapar, og vil gje same sosiale velferdsnivå, vist under.

Resultat 4. Alle likevekter utan bankovervaking ($M=0$) gir same sosial velferd (W^{**}), og myndigkeitene si etterforsking betinga på inga rapportering (I_0) er:

$$I_0 = I^{**} \equiv \frac{\alpha\rho h}{2k}$$

Banken sin terskel for rapportering og myndigheitene si etterforsking betinga på rapportering er ubestemt, $T \in \{0,1\}$ og $I_1 \in [0,1]$. Den resulterande velferda er mindre enn fyrst best velferda: $W^{**} < W^*$.

Likevektene i resultat 4 er nest beste likevektene. Grunnen er at ein av desse vil gjelde dersom ikkje fyrste beste likevekta er implementerbar. Dette vert bevist under i resultat 5.

Definisjon 2. (Nest beste likevekter). Likevekter utan bankovervaking ($M=0$), implementert ved bot F , er kalla nest beste likevekter med bot F .

Definisjonen gjer det mogleg å skilje mellom mange ulike nest beste likevekter basert på nivået på bøtene. Vidare skal det visast at nest beste likevekter vil gjelde dersom ikkje fyrst best er implementerbart. Den intuitive grunnen er at dersom ikkje fyrst best er implementerbart, vil bankovervaking ($M=1$) implisere at banken rapporterer alle signal ($T=0$). Dersom rapportane frå banken vert gitt uavhengig av signala, bærer dei heller ikkje med seg nyttig informasjon. Difor vil myndigheitene heller implementere inga bankovervaking ($M=0$) for å spare innsatskostnadene. Vidare set myndigheitene bøtene til null, då dette maksimerer banken sin profitt, utan å endre velferda. Resultat 5 oppsummerar.

Resultat 5. Fyrst best likevekta er implementerbar og implementert med $F=F^*$ viss vilkår (8) held. Viss ikkje, vert nest beste likevekt implementert med null bøter ($F=0$).

5.3.3 Nest beste med eksogene bøter

Det nest beste insentivtilpassa spelet skal no analyserast under eksogene bøter. Spørsmålet om korleis bøtelegginga påverkar effektiviteten til arbeidet mot kvitvasking vert stilt. For enkelheita si skuld vert det fokusert på parameteroppstillinga der fyrst best er implementerbart, ulikskap (8) held.

Likevekta under eksogene bøter føl for det meste frå karakteristikken av nest beste likevekta. For det fyrste viser resultat 2 at bøter i intervallet $[F^*, F^{**}]$ implementerer fyrst best likevekta. For det andre vert nest beste likevekta implementert ved låge bøter, når banken

føretrekk å betale bøter heller enn å gjere ein innsats på overvaking og rapportering. Tilstrekkelig låge bøter er vist formelt under:

Resultat 6. Nest beste likevekta vert gjeldande dersom bøtene er tilstrekkelig låge, $F \leq F'$, der

$$F' \equiv \min \left\{ 2k \frac{(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)c+m}{\alpha\delta\rho h}, \frac{2k(\alpha+\delta-2\alpha\delta)(c+m)}{\alpha^2\rho h} \right\} \quad (9)$$

For det tredje gjenstår det kun ein rein strategi for banken sitt handlingssett dersom verken først best eller nest best likevekt kan implementerast: når banken overvaker ($M=1$) og rapporterer alle transaksjonar ($T=0$). Alle slike likevekter vil gje same sosiale velferd og same nivå på etterforsking frå myndighetene si side, vist i resultat 7 under.

Resultat 7. Alle likevekter der banken overvaker ($M=1$) og rapporterer alle transaksjonar ($T=0$) gir same velferd (W^{***}). I alle slike likevekter vil myndighetene, gitt rapporteringa, etterforske med innsats $I_l=I^{**}$. Vidare vert den resulterande velferda (W^{***}) lågare enn den som nest beste likevekter gir: $W^{***} < W^{**} < W^*$. Bevis for dette føl av resultat 1.

Likskapane mellom alle likevekter der ($M=1, T=0$) gjer at ein kan kalle alle desse likevektene for tredje beste med tanke på velferdsrangeringa.

Definisjon 3. (Tredje beste likevekter). Likevekter der banken overvaker ($M=1$) og rapporterer alle transaksjonar ($T=0$), som er implementerbare ved bøter F og etterforskinsatts I_0 i tilfellet med inga rapportering, er kalla tredje beste likevekter med F og I_0 .

Tredje beste likevekter er implementerte ved høge bøter. Intuitivt vil sterke nok bøter gjere at banken overvaker, men også at den rapporterer alle signal. Resultat 8 formaliserer argumentet.

Resultat 8. Tilstrekkelig høge bøter $F \geq F^{**}$ implementerer tredje best likevekter dersom først best likevekta er implementerbar. Då er myndighetene sin etterforsking gitt inga rapportering sett høgare enn $I'_0(F), I_0 \geq I'_0(F)$, der

$$I'_0(F) \equiv \max \left\{ \frac{(\alpha + \delta - 2\alpha\delta)c}{\alpha\delta F}, \frac{c+m}{\alpha F} \right\}.$$

Vidare vil $I'_0(F) < 1$ for $\forall F \geq F^{**}$.

Resultata over tillet karakterisering av nest beste likevekter med eksogene bøter. Resultat 9 oppsummerar resultata og karakteriserer likevektene med eksogene bøter.

Resultat 9. Bøter implementerer fylgjande likevekter dersom først best likevekta er implementerbar:

$F \leq F'$	<i>Nest beste likevekter</i>
$F^* \leq F \leq F^{**}$	<i>Fyrst best likevekt</i>
$F^{**} < F$	<i>Tredje beste likevekter med $I_0 \geq I'_0(F)$.</i>

Det finns ingen rein strategi likevekt med bøter $F' < F < F^*$. Bevis føl frå resultat 2, resultat 6 og resultat 8.

Det finns ingen rein strategi likevekt med bøter i (F', F^*) regionen. Bøter som er for høge for nest beste er for låge for første beste. Årsaka er at bøter representerer insentiv kun med myndighetene si etterforsking betinga på inga rapportering. I nest best likevekter er etterforsking betinga på inga rapportering høgare enn i først best likevekta ($I_0^* > I^{**}$). Derfor vil bøter som er for sterke ved høg etterforsking (I_0^*) vise seg å vere for svake ved låg etterforsking (I^{**}).

5.3.4 Å rope ”Ulv, ulv”

Resultat 9 viser tydeleg at bøter først aukar, men seinare reduserer velferda. Veldig høge bøter fører til lågare velferd (W^{***}) enn det å ikkje ha bøter i det heile gjer (W^{**}).

Dette avsnittet viser at effektane er meir alvorlege enn berre ein reduksjon i velferda. Til og med tiltaleraten, sannsynet for at det vert tatt ut tiltale mot kvitvasking, vil minke ved overdrivne høge bøter. Denne raten er høgast i fyrst best likevekta. I andre beste likevekter og tredje beste likevekter er raten den same. Intuitivt er det informasjonen frå banken som betyr noko for kor vellukka myndigkeitene si etterforsking vert. Men, det å enten rapportere ingen transaksjonar eller å rapportere alle, vil vere like lite informativt når det gjeld å identifisere dei transaksjonane som er mest sannsynlig å ha tilknyting til kvitvasking. Resultat 10 formaliserer dette resultatet.

Resultat 10. Bøter aukar fyrst, og minkar seinare, sannsynet for at det vert tatt ut tiltale mot kvitvasking (χ), dersom fyrst best likevekta er implementerbar. Den forventa tiltaleraten i tre ulike likevekter kan skrivast:

$$\begin{array}{lll} F \leq F' & \text{Andre beste likevekter} & \chi^{**} = \alpha I^{**} \\ F^* \leq F \leq F^{**} & \text{Fyrst best likevekta} & \chi^* = \alpha(1-\delta)I_0^* + \alpha\delta I_1^* > \chi^{**} \\ F^{**} \leq F & \text{Tredje beste likevekta} & \chi^{**} \\ & \text{med } I_0 \geq I_0'(F) & \end{array}$$

Resultat 10 understrekar ”ulv, ulv”¹⁰ problemet. I tilfellet med imperfekt kommunikasjon, er litt manglande rapportar å føretrekke. Det å gje fleire rapportar kan ha ein skadeleg effekt, fordi dei ekstra rapportane tynner ut verdien av dei rapportane som allereie ligg føre. Som vist i modellen, eliminerer ein verdien av rapportane, dersom banken rapporterer alle transaksjonar. Denne uttynninga av informasjon vert kalla å rope ”ulv, ulv”, og er formelt definert under.

Definisjon 4. (Rope ”Ulv, ulv”.) Problemet med å rope ”ulv, ulv” oppstår når overdrevne rapportering tynner ut informasjonsverdien av rapportane. I dei ekstreme tilfella, vert rapportane totalt uinformative.


¹⁰ Å rope ”ulv, ulv” er eit uttrykk som kan forstås utifrå moralforteljinga ”Ulven kommer! Ulven kommer!”, som er ein av Æsops fablar. I forteljinga skulle ein gjeta passe på sauar, og for moro tulla han med at det kom ulv når det ikkje gjorde det, og folk kom springande. Den gongen det verkeleg kom ulv, var det ingen som trudde han og kom for å hjelpe. Moralen er at ingen trur ein løgnhals sjølv når han snakkar sant.

Formelt vil dei ekstreme tilfella av ”ulv,ulv” kunne oppstå i tredje beste likevekter, når banken overvåker og rapporterer alle transaksjonar slik at rapportane vert totalt uinformative.

5.3.5 Lafferkurva av informasjon

Resultatet 10 kan tolkast som Lafferkurva av informasjon. Tiltale kan teiknast som ein funksjon av bøtene. Resultat 10 viser at talet på forventa tiltalar først aukar når bøtene aukar, men deretter minkar til det opphavlege låge nivået. Dette kan me kalla Lafferkurva av informasjon. Figur 6 illustrerer resultatet.

Figur 6 Lafferkurva av informasjon



For å illustrere modellen betre, er forventa rapportering også framstilt som ein funksjon av bøtene. Kurva vert i figuren illustrert med hopp, fordi modellen er diskret. Lafferkurva illustrerer ein uvanleg eigenskap som modellen har. I dei fleste lovhandhevingsproblem, vil auka insentiv gje auka straffeforfylging. Ein vil då gjerne ynske å gje ekstra sterke insentiv for rapportering av dei typar kriminalitet ein anser som viktigast å bekjempe. Når det gjeld handheving av kvitvasking, får ein motsatt resultat ved bruk av denne logikken. Andre beste likevekter dominerer tredje beste likevekter, og ein vil ved usikkerhet føretrekke lågare bøter (Takáts, 2011).

5.4 Komparativ statikk; meir om variablane I_0^* , I_1^* , F^* og F^{**}

Etterforskinsats aukar i skaden som kvitvasking medfører (h) og i betringsraten (ρ), fordi marginalnytten av det å få tatt ut tiltale for kvitvasking aukar i desse variablane. Etterforskinsats minkar i kostnaden (k). Apriori sannsyn for kvitvasking (α) og presisjonen til signalet (δ) vil og påverke etterforskinsatsen. Dess meir sannsynleg det er at kvitvasking førekjem, dess meir innsats vil verte lagt ned til etterforsking, fordi ceteris paribus så vil marginalnytten av etterforsking auke når det vert tatt ut meir tiltale for kvitvasking, utan at innsatsnivået er auka. Formelt kan dette skrivast for I_0^* og I_1^* som:

$$\begin{aligned}\frac{\partial I_0^*}{\partial \alpha} &= \frac{\delta(1-\delta)\rho h}{2k(\alpha+\delta-2\alpha\delta)^2} > 0, \\ \frac{\partial I_1^*}{\partial \alpha} &= \frac{\rho h}{2k(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)^2} > 0\end{aligned}\tag{10}$$

Både I_0^* og I_1^* aukar i α . Dette er ikkje tilfellet når ein ser på effekten av signalet:

$$\begin{aligned}\frac{\partial I_0^*}{\partial \delta} &= \frac{-\alpha(1-\alpha)\rho h}{2k(\alpha+\delta-2\alpha\delta)^2} < 0, \\ \frac{\partial I_0^*}{\partial \delta} &= \frac{\alpha(1-\alpha)\rho h}{2k(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)^2} > 0\end{aligned}\tag{11}$$

Intuisjonen bak resultatet over er at dess meir presist signalet er, dess meir påliteleg vert fyrst best rapporteringa. Derfor etterforskar myndighetene meir intenst gitt rapportering, og mindre i fråvær av rapportering.

Minimum optimal bot har to eigenskapar som er viktige for å forstå den komparative statikken. For det første så gir den banken insentiv til å halde seg informert og å ikkje avvike frå overvakninga ($M=1$). For det andre avheng minimum optimal bot av fyrst best etterforskinsats betinga på inga rapportering (I_0^*). Grunnen til det er at bøtene kun gjev insentiv i lag med I_0^* , sidan banken kun kan få bot for kvitvasking som ikkje er rapportert og

seinare vert tatt ut tiltale mot. Likning (12) viser F^* som ein funksjon av I_0^* , banken sine kostnadar (c, m), apriori sannsyn for kvitvasking (α), og signala sin presisjon (δ):

$$F^* \equiv \frac{(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)c+m}{\alpha\delta I_0^*} \quad (12)$$

Likninga viser at minimum optimal bot minkar i I_0^* , noko som gir oss tre uventa konsekvensar. For det fyrste betyr det at F^* minkar i skaden som kvitvasking medfører (h) og i betringsraten (ρ). Det kan ein sjå av likning (4), som viser at høgare h og/eller ρ aukar etterforskinga. Dette gjev banken insentiv til å halde seg informert, og dermed er lågare bøter tilstrekkelig.

For det andre, minkar også F^* i apriori sannsyn for kvitvasking (α). To faktorar reduserer samtidig optimal bot. Auka α vil auke sannsynet for at kvitvasking vert oppdaga, dersom banken skulle velje å ikkje vere informert. Dette gjev at mindre bøter er tilstrekkelig, vist i likninga under:

$$\frac{\partial}{\partial \alpha} \frac{(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)c+m}{\alpha\delta} = -\frac{(1-\delta)c+m}{\alpha^2\delta} < 0$$

Auka α vil også auke etterforskingsinnsatsen, som me såg i likning (10), og dette reduserer nivået på bøtene. Begge effektane her, gjer at minimum optimal bot minkar i apriori sannsyn for kvitvasking.

For det tredje, aukar minimum optimal bot i etterforskingskostnadar k . Høgare k gjev redusert fyrst best etterforskingsnivå frå likning (4). Dermed treng ein høgare bøter for å oppretthalde insentiva som banken har til å halde seg informert.

Minimum optimal bot minkar i presisjonen til signalet (δ), men her vil det vere to motstridande effektar, der den eine dominerer. På den eine sida impliserer høgare presisjon på signalet at ein treng lågare etterforskingsinnsats. Denne effekten krev høgare bøter for å oppretthalde insentiva. På den andre sida vil høgare presisjon gje banken ein høgare verdi av

å vere informert. Banken er sikrare på informasjonen den har, og sannsynet for bøter gitt det låge signalet er mindre. Dette er vist formelt under:

$$\frac{\partial}{\partial \delta} \frac{(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)c+m}{\alpha\delta} = -\frac{(1-\alpha)c+m}{\alpha\delta^2} < 0$$

Me differensierer F^* formelt, for å finne ut kven av dei to motstridande effektane som vil vere relativt sterke enn den andre:

$$\frac{\partial F^*}{\partial \delta} = \frac{-1}{(\alpha\delta)^2 I_0^*} \left[\frac{\alpha(1-\alpha)(2\delta-1)}{(1-\delta)(\alpha+\delta-2\alpha\delta)} c + \frac{\alpha(2\delta-1)+\delta^2(1-2\alpha)}{(1-\delta)(\alpha+\delta-2\alpha\delta)} m \right] < 0$$

Resultata viser at den andre effekten er dominerande, slik at minimum optimal bot vil minke i signalet sin presisjon.

Dei to siste effektane for F^* er rett fram. F^* aukar i banken sin kostnad for å overvake (m) og rapporteringskostnad (c). Intuitivt fordi dess høgare innsatskostnad banken har, dess høgare insentiv må den få.

For å forstå den komparative statikken er to eigenskapar ved maksimum optimal bot, F^{**} , viktige å forstå. For det fyrste viser maksimum optimal bot kor stor bota kan vere før banken vel å rapportere alle transaksjonane ($T=0$). For det andre avheng F^{**} av fyrst best nivå på etterforsking, gitt inga rapportering (I_0^*), fordi bøtene kun representerer insentiv når det vert etterforska. F^{**} kan skrivast som:

$$F^{**} = \frac{(\alpha+\delta-2\alpha\delta)c}{\alpha(1-\delta)I_0^*} \tag{13}$$

Likning (13) gjer det mogleg å analysere F^{**} på same måte som F^* , med ganske like resultat, og dei same tre uventa konsekvensane. For det fyrste minkar F^{**} i skaden som kvitvasking medfører (h) og i betringsraten (ρ). Dette er fordi I_0^* aukar i begge, slik at banken treng mindre nominelle bøter for ikkje å ”rope ulv”, fordi sannsynet for at det skal takast ut tiltale er høgare.

For det andre, minkar også maksimum nominell bot i apriori sannsyn for kvitvasking (α). Grunnen til dette er todelt. Det eine er at høgare α gir høgare I_0^* , det ser me av likning (10). Det andre er at høgare α impliserer at sjølv med det låge signalet så er det høgare sannsyn for at transaksjonen faktisk er kvitvasking. Ceteris paribus er det då meir sannsynleg at banken vert bøtelagt sjølv om den ikkje rapporterer. Dermed treng banken lågare bøter, for ikkje å rapportere alle transaksjonar. Effekten er demonstert under:

$$\frac{\partial}{\partial \alpha} \frac{(\alpha + \delta - 2\alpha\delta)c}{\alpha(1-\delta)} = \frac{-\delta c}{\alpha^2(1-\delta)} < 0$$

Begge effektane gjev redusert F^{**} i apriori sannsyn for kvitvasking α .

For det tredje så aukar F^{**} i etterforskingskostnad k , gjennom redusert etterforsking I_0^* . Høgare bøter er naudsynte for å halde insentiva konstant. F^{**} aukar også i presisjonen til signalet (δ). Dette skjer gjennom to effektar. Det eine er gjennom I_0^* , som minkar i (δ) . Dess meir presis signalet er, dess mindre etterforsking er naudsynt, om det ikkje var rapportert i fyrst best likevekt. Det andre er at høgare presisjon på signalet reduserer sannsynet for at det bak eit lågt signal på ein transaksjon, likevel skal skjule seg kvitvasking. Banken har dermed lågare insentiv til å rapportere transaksjonar med lågt signal. Denne effekten er vist under:

$$\frac{\partial}{\partial \delta} \frac{(\alpha + \delta - 2\alpha\delta)c}{\alpha(1-\delta)} = \frac{(1-\alpha)c}{\alpha(1-\delta)^2} > 0$$

Begge effektane av δ vil dermed auke maksimum optimal bot F^{**} .

Resten av resultata er trivielle. F^{**} aukar i rapporteringskostnad (c), sidan meir kostbar rapportering gir mindre insentiv til å ”rope ulv”. Overvakingskostnad (m) påverkar ikkje F^{**} , fordi banken vil fortsette å overvake sjølv om den avvik frå fyrst best om å rope ulv.

Den komparative statikken er oppsummert i tabellen under:

Tabell 1 Komparativ statikk

Kvitvasking (α)	Legal transaksjon (1- α)
Lågt signal (0)	$1 - \delta$
Høgt signal (1)	δ

Kjelde: Takáts (2011)

5.5 Modellen med kontinuerlige variablar

Til no har me kun sett på modellen med diskrete variablar, der dei tar verdiane 0 eller 1 – høg eller låg. Modellen kan utvidast til meir generelle signal, bankovervakning og rapporteringsavgjersler. Det viser seg at ein kontinuerleg modell gjev dei same kvalitative konklusjonane som den diskrete modellen gav. Den kontinuerlege modellen understrekar det at justerbare rapporteringskostnad (til dømes ved å bruke rapporteringsgebyr) er naudsynt for å implementere fyrst best. Intuitivt vil bøter påverke både terskelen (T) og overvakningsinnsats (M). Det vil derfor kun vere mogleg å finjustere systemet med bøter aleine dersom ein har grensetilfelle. Som ein konsekvens av dette må myndighetene påleggje bankane rapporteringsgebyr for å auke terskelen for å rapportere (T) til det optimale nivået.

Tre føresetnader vert endra i den kontinuerlige modellen. For det fyrste antek ein no at signalet (σ) er kontinuerleg. Vidare antar ein at det har ei fordeling slik at ex post sannsyn for kvitvasking $\beta(\sigma)$ er uniform i $[0,1]$, som impliserer at under rasjonell oppdatering vil $\alpha = 0.5$. For det andre antek ein at banken sin overvakning (M) er kontinuerlig i $[0,1]$ med kostnad mM^2 , der $m > 0$. Dermed er ikkje banken lenger enten informert eller ikkje informert. For det tredje antek ein no at terskelen for å rapportere (T) er valgt fritt av banken i intervallet $[0,1]$.

Dei nye føresetnadane gjer at me kan skrive om sannsyna:

$$p_T = 1 - T,$$

$$q_{0T} = \frac{T}{2},$$

$$q_{1T} = \frac{1+T}{2}.$$

Fyrst best maksimering av velferda kan skrivast som

$$W = M \left[T \left(\frac{T}{2} I_0 \rho h - k I_0^2 \right) + (1-T) \left(\frac{1+T}{2} I_1 \rho h - k I_1^2 - c \right) \right] \\ + (1-M) \left[\alpha I_0 \rho h - k I_0^2 \right] - m M^2 - \alpha h,$$

som er eit lineært kvadratisk problem, der den indre løysinga er karakterisert ved fyrsteordensvilkåra

$$(M) \quad M = \frac{1}{2m} \left[\frac{T^2}{2} I_0 \rho h - T k I_0^2 + \frac{1-T^2}{2} I_1 \rho h - (1-T)(k I_1^2 + c) - \alpha I_0 \rho h + k I_0^2 \right],$$

$$(T) \quad T = \frac{k(I_1 + I_0)}{\rho h},$$

$$(I_0) \quad I_0 = \frac{\rho h}{4k} \frac{MT^2 + 2(1-M)\alpha}{MT + 1 - M}, \quad (14)$$

$$(I_1) \quad I_1 = \frac{\rho h}{4k} (1+T). \quad (15)$$

Dessverre er det uoppnåeleg å få ei eksplisitt løysing.

I andre beste problemet, vert det undersøkt korleis fyrst best løysinga (M^*, T^*, I_0^*, I_1^*) kan implementerast. Banken sin profittmaksimering er gitt ved:

$$\Pi = -M \left(\frac{T^2}{2} I_0 F + (1-T)c \right) - (1-M)\alpha I_0 F - m M^2,$$

som er igjen eit lineært kvadratisk problem. Indre løysing er karakterisert ved fyrsteordensvilkåra

$$(M) \quad M = \frac{1}{2m} \left[\alpha I_0 F - \frac{T^2}{2} I_0 F - (1-T)c \right], \quad (16)$$

$$(T) \quad T = \frac{c}{I_0 F}, \quad (17)$$

Der fyrsteordensvilkåret (16) kan skrivast om ved å setje inn for T

$$M = \frac{1}{2m} \left[\alpha I_0^* F + \frac{c^2}{2I_0^* F} - c \right].$$

Fyrsteordensvilkåra gjev ein viktig observasjon. Generelt sett kan ein ikkje ved bøter oppnå fyrst best nivå for både overvaking (M) og rapportering (T). I den kontinuerlege modellen, er det derfor generelt naudsynt å bruke rapporteringsgebyr (eller subsidier) i tillegg til optimale bøter.


Vidare ser ein på likevekta under eksogene bøter. Under eksogent bestemte bøter, kan banken og myndighetene sine handlingar i prinsippet verte bestemt ilag ved å bruke fyrsteordensvilkåra. Det er ikkje noko eksplisitt løysing på problemet, og løysinga er i modellen til Takáts (2011) simulert gjennom bruk av csolve.m i matlab.

Figur 8 viser løysinga med parametrane $\rho = 1$, $h = 9$, $k = 15$, $\alpha = 0.5$, $m = 1$ og $c = 0.1$. Del (A) viser Lafferkurva av informasjon. Aukande bøter vil først gje aukande tiltalerate, men etter kvart vil aukande bøter gje minkande tiltalerate. Grunnen til denne eventuelle nedgangen i tiltalerate, er at myndighetene reagerer mindre på rapportering. Del (B) viser korleis forventa antall rapportar aukar i bøtene. Dermed reagerer myndighetene mindre på rapportar som kjem inn, fordi dei vert mindre informative når bøtene aukar. Del (C) viser korleis banken rapporterer lågare signal når bøtene aukar, sjølv om den overvåker meir. Del (D) viser at når bøtene aukar, så senkar banken terskelen for å rapportere. Med høge nok bøter, så vil banken rapportere nærest alle transaksjonane, og signalet vert heilt uinformativt.

Del (C) og (D) i figuren viser også den duale og konfliktfylte rolla til bøtene. På den eine sida vil auka bøter gje meir overvaking, vist i (C). Auka overvaking gjev høgare effektivitet for

arbeidet mot kvitvasking. Denne overvakingseffekten står bak den positive responsen til auka bøter som kjem først. På den andre sida vil auka bøter gje ein lågare terskel for å rapportere, vist i (D). Denne terskeleffekten kan vere positiv, dersom terskelen i utgangspunktet er høgare enn først best nivået. Sjølv med bøter på eit mellomliggende nivå, så kan effektane utradere kvarandre, slik at det vert balansert totalt sett. Likevel vil dei negative konsekvensane av lågare terskel for rapportering etter kvart komme til å dominere. På sikt vil den låge terskelen øydelegge verdien av informasjonen som rapportane gjev. På denne måten gjer det å ”rope ulv” rapportane uinformative.

Figur 7 Kontinuerlig modell



Kjelde: Takáts (2011)

Modellen kan utvidast slik at ein tillet at bøtene kjem med ein sosial kostnad. Dette kan modellerast som at myndighetene kun mottek ein del av den totale bota, $\lambda \in (0,1)$. Vilkår (1) endrar seg ikkje. Fyrst best løysinga krev dei same vilkåra. For å implementere fyrst best løysinga i andre beste problemet, må eit ekstra vilkår vere oppfylt:

$$\begin{aligned} & \frac{[\alpha(1-\delta)\rho h]^2}{4k(\alpha+\delta-2\alpha\delta)} + \frac{(\alpha\delta\rho h)^2}{4k(1-\alpha-\delta+2\alpha\delta)} \\ & > \frac{(\alpha\rho h)^2}{4k} + (\alpha+\delta-2\alpha\delta)c + m + \lambda F^*. \end{aligned} \tag{18}$$

Tolkinga av (18) er rett fram. Med bøter som kjem med eit nyttetap, må sosial nytte frå det å ta ut tiltale mot kvitvasking vere større enn både overvakings- og rapporteringskostnadar og det sosiale nyttetapet av den lågaste moglege bota som implementerer fyrst best.

Modellen sine kvalitative resultat i høve optimale bøter, rapporteringsgebyr eller den komparative statistikken vert ikkje endra med bøter som har ein sosial kostnad. Det er likevel to små skilnadar. For det fyrste så kan ikkje fyrst best velferda oppnåast, fordi bøter alltid kjem med eit visst nyttetap. For det andre, vil myndighetene under bøter med sosial kostnad føretrekke å innføre den minste bota som er mogleg.

Ei anna mogleg utviding av modellen er å anta at banken kan yte innsats for å auke presisjonen til signalet (δ), til ein kostnad $c(\delta)$. Modellen sine hovudprediksjonar endrar seg ikkje: for store bøter vil fortsatt gje ”ropande ulv” problem, og rapporteringsgebyr er naudsynt. Men, auka skade av kvitvasking kan gje rom for større i staden for mindre bøter dersom rapporteringsgebyr er brukt også. Intuisjonen er at om kvitvasking medfører meir skade, treng ein meir presise signal. Dette er kun mogleg dersom straffa for falske negativer (bøter) og falske positiver (rapporteringsgebyr) vert auka. Om ein ikkje bruker rapporteringsgebyrer, bør auka skade av kvitvasking fortsatt gje lågare bøter, for å ikkje risikere ein situasjon med ropande ulv (Takáts, 2011).

5.6 Avsluttande kommentarar til insentivmodellen

Modellen gjev nokre interessante resultat som me kan ta med vidare. For å kunne implementere fyrst best likevekta, når ein tek omsyn til bankane sin profittmaksimering, vil ein insentivmessig trenge både svake og sterke bøter. Høge nok til at banken vil overvake, men ikkje så høge at banken rapporterer alle signal. Dersom ein gjer rapporteringa tilstrekkelig kostbar kan ein lukkast med å implementere fyrst best likevekta.

Veldig høge bøter vil ein få lågare velferd enn om ein ikkje har bøter i det heile. Dette er på grunn av problemet med at bankane ”ropar ulv”, viss bøtene vert for høge. Viss bankane rapporterer alle transaksjonar, vert informasjonen like unyttig som viss dei ikkje rapporterte nokon transaksjonar. Høge bøter gjev ikkje bankane insentiv til å rapportere riktig, men til å rapportere for å vere på den sikre sida. Ved prinsipal-agent modellen med tre spelarar i kapittel 6.1 forsøker ein å løyse denne situasjonen gjennom eit system med ein overvakar og bruk av både belønning og straff.

6 Utviding av insentivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

I dette kapitlet skal eg presentere ein modell som er ei utviding av modellen i kapittel 5, i den forstand at den ser på ein prinsipal-agent modell med tre spelarar. Deretter skal eg presentere nokre artiklar som omhandlar same eller til dels same tema som Takåts (2011). Tre artiklar vil verte presentert med fokus på hovudfunn i kvar av dei. Den siste artikkelen inneheld ein modell som konkluderer med ein del av det same som Takåts (2011), men anvendt på domstolar. Kvart delkapittel er basert på ein artikkel.

6.1 Utviding av prinsipal-agent modellen

Dalla Pellagrina og Masciandaro (2009) ser på ein prinsipal-agent modell med tre spelarar. Ein lovgivar delegerer design og implementering av eit system for anti-kvitvaskingsarbeid til finansielle mellommenn, som vidare vert overvaka og vurdert av ein regulator. Lovgivar vil implementere ei risikostyrt tilnærming, og målet med det er å få eit system som gjev mest merksemd til dei situasjonane som har størst risiko for kvitvasking. Samtidig som reguleringa vert meir fleksibel, vert ansvaret for finansielle mellommenn, til dømes ein bank, større. Spørsmålet er korleis ein skal designe rolla til dei finansielle institusjonane og regulatoren for å auke effektiviteten for anti-kvitvaskingsarbeidet.

6.1.1 Modellen

Spelarane er antatt risikonøytrale. Spelarane er ein lovgivar, ein finansinstitusjon som er mellommann og ein overvakar. Lovgivaren maksimerer sosial velferd, medan dei to andre maksimerer private inntekter. Landet si interesse er at flest mogleg av transaksjonane som er kvitvasking skal rapporterast. Ein transaksjon som er rapportert vert definert som sann dersom den vert brukt i vidare etterforsking.

Antall sanne rapportar, X , avheng av to faktorar; innsatsen til finansinstitusjonen og karaktertrekka til teknologien for kvitvasking. Innsats, e , er ikkje observerbar for myndighetene. I modellen vert det foreslått at ein viss informasjon om innsats kan skaffast

6 Utviding av insentivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

gjennom overvakaren. X vert påverka av faktorar som er ute av kontrollen til både myndigheiter og finansinstitusjonar, og desse faktorane vert samla i ein stokastisk variabel T, som er mål på det som vart omtalt som teknologi for kvitvasking. Her antek ein at T enten tar verdien T1 eller T2, der $T_1 < T_2$. Med sannsyn $(1-q)$ er $T=T_2$ og kvitvaskninga på nybegynnarnivå. Med sannsyn q er $T=T_1$, og kvitvaskninga sofistikert.

For ein gitt verdi av innsats frå finansinstitusjonen, kan me forvente eit høgre nivå på antall sanne mistenkelig transaksjon rapportar ved T_2 enn ved T_1 . Verdien av T er privat informasjon som finansinstitusjonen sit på, og den kan dermed ha insentiv til å framstille kvitvaskingsteknikk som meir sofistikert enn det den er, for å få tak i sanne mistenkelige transaksjonar rapportar sin private nytte. Antall sanne mistenkelige transaksjon rapportar vert antatt å vere ein lineær funksjon av e og T;

$$X = e + T \quad (19)$$

Finansinstitusjonen maksimerer nytte, Π_{FI} . Unytte er antatt å vere kvadratisk i innsats, slik at nytten går ned meir enn proporsjonalt med auken i innsats;

$$g(e) = \frac{e^2}{2} \quad (20)$$

Ein antek eit pisk og gulrot system, der ein på den eine sida har eit ratingsystem, J, definert av lovgivaren, som evaluerer i kva grad ulike finansinstitusjonar føl reglane i anti-kvitvask regimet. J vil danne grunnlag for belønninga til banken, som til dømes vil vere ein økonomisk fordel. Som pisk kan det spesifiserast ei straffebot P_{FI} . Finansinsitusjonen sin objektfunksjon vert då:

$$E(\Pi_{FI}) = J - g(e) - E(P_{FI}) \quad (21)$$

Belønninga gjev finansinstitusjonen nytte, medan innsats og forventa bot vil gjere at nytten går ned. Det vert antatt at finansinstitusjonen sin nytte ikkje kan falle under eit minimumsnivå, Π_0 . Dersom overvaking vert for dyrt, kan finansinstitusjonen ganske enkelt legge ned verksemda.

Lovgivaren, politikarar som kjem til makta gjennom val, har veljarar som misliker kvitvasking. Finansinstitusjonane kan ikkje påverke val. Sosial nytte, Π_A , samanfell med talet på same mistenkelige transaksjon rapportar. Dess meir skadeleg kvitvasking er, dess meir aukar sosial velferd, når talet på same mistenkelig transaksjon rapportar aukar. Belønning og sanksjonar er også faktorar som er med i lovgivaren si betrakting. Sidan belønning, J , er dyrt, medan straffebøter, P_{FI} , gjev inntekter, har ein at:

$$E(\Pi_A) = E(X - J + P_{FI}) \quad (22)$$

Til slutt vert det anteke at lovgivaren kan etablere ein overvakar, ved kostnad Z . Gjennom profesjonelle ferdigheiter kan overvakaren imperfekt finne ut kor sofistikert kvitvaskingsteknologien er, og då gjere ein slutning om kva nivå av innsats som er bruk. Overvakaren observerer eit signal, s , som er korrelert med T , $s_2 > s_1$, og produserer ein rapport. Me antek at

$$\text{Prob}(s_1 | T_1) = \text{Prob}(s_2 | T_2) = r; \text{Prob}(s_1 | T_2) = \text{Prob}(s_2 | T_1) = (1-r), \text{ der } r > \frac{1}{2}. \quad (23)$$

Prob er sannsynet for at overvakaren observerer riktig nivå på kvitvaskingsteknologi, og dette er indikert ved r . Dermed representerer r kor presist arbeidet til overvakaren er. Overvakaren kan vere med på å redusere asymmetrisk informasjon mellom lovgivar og finansinstitusjon.

I eit rammeverk med perfekt informasjon, ville ein ikkje trengt sanksjonar og overvakar, lovgivar vel kun insentivplan J , gitt denne timinga i modellen:

- a) Naturen vel kvitvaskingsteknologi T
- b) Finansinstitusjonen finn ut kva T er
- c) Lovgivar designer anti-kvitvaskings regulering, med spesifisert belønning for finansinstitusjon ved å tilby ratingsystem J etter innsats
- d) Finansinstitusjon vel innsatsnivå e , og produserer eit antall same mistenkelig transaksjon rapportar
- e) Ratingsystemet J vert brukt og belønning gitt

6 Utviding av insentivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

Med perfekt informasjon kan lovgivar definere ein insentivplan som har med alle relevante variablar, X, e og T.

$$E(\Pi_A) = q(T_1 + e_1 - J_1) + (1-q)(T_2 + e_2 - J_2) \quad (24)$$

Om me normaliserer reservasjonsnytten til null, vil deltagingsbegrensninga bety at $J_1 > g(e_1)$ for $J=1,2$. Optimal regulering ved symmetrisk informasjon vil implisere at lovgivaren set marginal privat grensekostnad lik marginal offentleg nytte. Det vil seie at kostnaden som finansinstitusjonen har ved å produsere samme mistenkelig transaksjon rapportar, vert sett lik nytten som dei gjer ($e_1=e_2=1$), og belønninga sett til det nivået som akkurat gjer at finansinstitusjonane føl reglane hundre prosent, uavhengig av teknologien på kvitvasking.

$$J(X_1) = J(X_2) = \frac{e^2}{2} = \frac{1}{2} \quad (25)$$

Likning (7) viser dette resultatet, og her yter kvar finansinstitusjon den optimale innsats i einkvar situasjon, slik at regelverket vert fylgt fullstendig.

Situasjonen endrar seg om me antek at lovgivar ikkje kan observere kvitvaskingsteknologi eller innsatsen til finansinstitusjonar, noko som er meir i tråd med den verkelege verda. Me har framleis ikkje med overvakaren og ratingplanen vil no kun avhenge av antall samme mistenkelig transaksjon rapportar. Anti-kvitvask reguleringen må oppfylle to beskrankningar:

$$J_2 - \frac{e_2^2}{2} > J_1 - \frac{(e_1 - dT)^2}{2} \quad (26)$$

$$J_1 - \frac{e_1^2}{2} > J_2 - \frac{(e_2 - dT)^2}{2} \quad (27)$$

der $dT=T_2-T_1$ og det er antatt at $e_1 > dT$

I dette tilfellet gjev informasjonsfordelen finansinstitusjonen ei informasjonsrente, slik at den kan ha insentiv til å framstille situasjonen annleis enn den er. Om kvitvaskingsteknikken er på begynnernivå kan finansinstitusjonen utøve ein låg innsats, og hevde at lågt antall samme

mistenkelig transaksjon rapportar skuldast den motsette situasjonen – sofistikert kvitvaskingsteknikk. Belønningssystemet er suboptimalt.

Spørsmålet er om reguleringa kan forbetrast ved å introdusere ein overvakar. Rolla til ein overvakar vil vere å lage rapportar for å evaluere risikostyringa implementert av finansinstitusjonane. I praksis betyr det å overvake dei ulike finansinstitusjonane for å evaluere risikostyringssistema deira og å kunne samanlikne dei ulike institusjonane. Dette vil krevje forståing for både finansinstitusjonane sin aktivitet og kvitvaskingsrisiko dei er utsett for. Det kan til dømes vere slik at dersom ein har eit låg antall sanne mistenkeleg transaksjon rapportar, vert overvakaren beden om å overvake i djupna dei finansielle institusjonane, for å evaluere kor vanskeleg det er å vurdere og handtere kvitvaskingsrisiko i kvar spesifikk situasjon. Om overvakaren finn at det er enkelt å avdekke risiko, vil det låge talet på rapportar som er sanne vere eit resultat av suboptimal oppførsel frå finansinstitusjonane, og dei får straffebot P_{FI} . Timinga er no slik:

- a) Naturen vel T og signalet s
- b) Finansinstitusjonen gjer seg kjent med T , men veit ikkje enno kva s er
- c) Lovgivaren skisserer anti-kvitvaskingsregulering, og spesifiserer fordel for finansinstitusjonen ved å tilby belønning J , som ein funksjon av talet på X , sanne mistenkeleg transaksjon rapportar, men og straff P_{FI} , avhengig av resultatet av rapporten frå overvakaren
- d) Finansinstitusjonen vel innsatsnivå e og produserer eit tal X av sanne mistenkelig transaksjon rapportar
- e) Lovgivar ber overvakaren om å intervenere ved sannsyn $\gamma(X)$
- f) Overvakaren rapporterer

Ved imperfekt informasjon, kan lovivar oppnå betre resultat ved å bruke ein overvakar. Det kan visast at etableringa av ein overvakar er optimalt, $\gamma > 0$, dersom trusselen for bøter, P_{FI} , er større enn ein spesifikk verdi $k(r, z, q)$,

$$k(r, Z, q) = \frac{Zq}{(1-q)(2r-1)} \quad (28)$$

(28) kan tolkast som alternativkostnaden til å etablere ein overvakar. Denne kostnaden avheng av inntekta Z til overvakaren, kvalitet r på rapporten og sannsynet q for overvaking. I likevekt er offentleg nytte ein funksjon av straffebota P_{FI} , kvalitet r overvaking r og kostnad for overvaking, Z . Ved å bruke eit lineært uttrykk normalisert til nivået på offentleg nytte, får ein:

$$1 = \alpha_1 P_{FI} + \alpha_2 r - \alpha_3 Z \quad (29)$$

Gitt kostnad ved overvaking, er forholdet i likevekt mellom kvaliteten på overvaka og staffebota inverst; det betyr at ei auke i kvaliteten på overvaka gjev lågare nivå på straffebota. Riktig innretting frå finansinstitusjonane kan oppnåast både ved betre kvalitet på overvaka, og mindre straff.

Til slutt kan me anta at kostnaden ved overvaka avheng av kvaliteten, og at lovgivar bør auke betaling Z for å betre kvaliteten r på overvaka.

6.1.2 Konklusjonar i modellen

Modellen kjem fram til nokre konklusjonar, der eg presenterer dei to mest interessante for oppgåva. For det fyrste vil det krevjast at insentivplanen er vel balansert for finansinstitusjonane sin deltagelsesbeskrankning sin del. Det betyr at både belønning og straff må vere designa for å minimere differansen mellom private kostnadar for å implementere risikostyrt modell, og offentleg gevinst ved å samle nyttig informasjon i arbeidet mot kvitvasking.

For det andre, gitt insentivplanen for finansinstitusjonane, kan kvalitet på overvaka vere eit godt substitutt for hard straff. Høge bøter gjer ikkje per se nødvendigvis dei rette insentiva til ein finansinstitusjon. Dess meir effektiv overvaka ex post av kvitvaskingsrisiko, dess meir sannsynleg at ein får effektivitet av finansinstitusjonane for å ex ante bygge opp anti-kvitvaskingssystem (Dalla Pellagrina og Masciandaro, 2009).

6.2 FIUs si rolle i anti-kvitvaskingsarbeid

Al-Rashdan (2012) ser nærmere på anti-kvitvaskingsystem, og korleis Finance Intelligence Units (FIUs) kan vere med på å regulere på ein god måte og å sørge for at lover og reglar vert fulgt. Ulike tilnærmingar til regulering viser ulike prioriteringar for å bekjempe kvitvasking i ulike land.

FATF sine anbefalingar seier blant anna at finansinstitusjonar har rapporteringsplikt for mistenkelige transaksjonar, og at det skal rapporterast til ein FIU. FIUs kan spele ei rolle som bru mellom rapporteringspliktige og lovgivarane, gjennom å opne for utveksling av informasjon. Det finns ulike modellar for korleis ein organiserer ein FIU i eit rapporteringssystem. Nokon FIUs har rett til å samle inn og analysere informasjon som dei får frå finansinstitusjonar før dei sender det vidare til andre regulatorar og politi- og justismyndigheter. Dette er den administrative modellen, og den er implementert av dei fleste land.

Ein anna modell for FIU er ein etterforskningsmodell, der ein har eit meir direkte forhold mellom FIU, andre myndigheiter og domstolar. Ein tredje modell er ein rettslig modell, der FIUs er ein del av rettssektoren, eller rapporterer direkte til rettslige myndigheiter etter å ha samla inn og analysert informasjon. Ein fjerde modell er at FIUs er ein del av politiet, men denne oppfattast gjerne ubehagelig for finansinstitusjonane som rapporterer direkte til nokon som har makt over lovhandheving.

Al-Rashdan (2012) hevdar at den administrative modellen er ein god modell for FIUs, men den er ikkje perfekt. Til dømes kan den vere problematisk viss ikkje FIUen har tilgang til naudsynte databasar eller til å drive naudsynt etterforsking.

Det er ikkje lett å oppnå at lover og reglar vert perfekt fylgt i eit rapporteringssystem, men eit system kan nærme seg idealet, gjennom å betre samarbeidet mellom dei ulike partane, og å ta omsyn til ulike interesser og kulturell innflyting. Suksess for eitkvart anti-kvitvaskings regime vil likevel avhenge av suksessen til myndighetene som overvaker systemet og deira bruk av makt når det er naudsynt.

Kriminallover med sanksjonar som verktøy er ofte sett på som essensielt for å verne folk mot truslar dei ikkje kan beskytte seg sjølve mot. Med omsyn til økonomien i eit land er eit viktig mål for lova å beskytte og oppretthalde eit høgt nivå av næring og å sørge for balanse mellom ulike interesser for handelspartar og offentleg beskyttelse. Ulke strategiar kan implementerast for å oppnå dette. Ei tilnærming ved regulering vil vere assosiert med å fylgje reglar, og lite bruk av straff. Ifølge Hutter (1997, referert i Al-Rashdan 2012) kan ein ved regulering byggje på strategiar for samarbeid og verkemiddel kan vere overtaling og utdanning, eller administrative sanksjonar som suspendering av lisens, bøter eller restriksjonar.

Braithwaite (2002, referert i Al-Rashdan 2012) har ein teori der overtaling heller enn straff sikrar at regulering vert fulgt. For å oppnå effektivitet med denne metoden, er det vanlege at ein trussel om straff må ligge bak. Nivået på sanksjonane bør auke etterkvart som det vert snakk om meir alvorlege regel- eller lovbroter. Å intervenere på eit tidleg tidspunkt er anbefalt for å maksimere effekten av overtaling.

Ayres og Braithwaite (1992, referert i Al-Rashdan 2012) illustrerer poenget i ein pyramide, der nedste trinnet er bredt, men med ein mild sanksjon. Her bør ein fange opp mange, og verkemiddelet bør vere overtaling. Etterkvart som ein beveger seg oppover pyramiden, vert sanksjonane strengare, men trinna og smalare, fordi det bør verte færre og færre eksempel på bruk av sanksjonane. I fylge teorien til Braithwaite (2002, referert i Al-Rashdan 2012) vil reguleringa avhenge av kor bra folk regulerer seg sjølve, korleis dei reagerer når dei vert tatt for broter, og kor effektiv regulatoren sin disciplinære reaksjon er når den er naudsynt.

Eit viktig spørsmål er kva sanksjonar som er best eigna for å hindre kvitvasking. Ein kan bruke både mjuk og hard sanksjonar, og ulike grunnar støttar opp om kvifor ein bør bruke kvar av dei to. Mjuk sanksjonar kan i fylge Unger og van Waarden (2009, referert i Al-Rashdan 2012) vere å føretrekke i større grad etter at ein gjekk over til risikoprinsippet, fordi risikoprinsippet gjer det vanskelegare for ein FIU å innføre sanksjonar for feilrapportering. I større grad enn ved regelstyring er det no opp til dei rapporteringspliktige sjølv å vurdere kva som er mistenkeleg, og då kan det vere vanskelegare å sanksjonere dei for feil.

6 Utviding av insentivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

Ein anna grunn for å føretrekke mjuke sanksjonar er den potensielle faren som kan oppstå når dei som regulerer vert henta frå næringa som skal regulerast. FIUs kan vere meir fleksible til å handtere føretak som ikkje føl reglane, og mjuke sanksjonar kan vere einaste makt brukt for å oppnå at føretaka føl reglane. Å ikkje få gjennomslag for reguleringa kan svekke handheving av eksisterande regulering.

Kva som allereie eksisterer av lover og rammeverk i eit land, system som er utvikla over mange tiår, kan spele ei rolle for kva type sanksjonar som vert akseptert. Det betyr at strenge sanksjonar kanskje ikkje er velkomne i eit land med ei generelt mjukare tilnærming til bruk av sanksjonar, og at mjuke sanksjonar kanskje ikkje er ein framgangsmåte som vert akseptert for ulike einingar i eit land som generelt har ei hardare tilnærming. Schäfer (2002, referert i Al-Rashdan 2012) meiner eksisterande rettsleg kontekst er veldig viktig for å bestemme faktisk mekanisme for handheving av lover, og deira aksept.

Bruk av mjuke sanksjonar kan i mange tilfelle vere å føretrekke, men ikkje i alle, og dette kjem an på eit land sitt politiske og rettslege system. Mjuke sanksjonar kan vere eit resultat manglande erfaring hjå FIUs, som då svarer med for svake sanksjonar til verksemder som ikkje føl reglane. USA er eit av dei landa som bruker harde sanksjonar, både høge bøter og rettslige sanksjonar. Det kan vere ulike grunnar til at harde sanksjonar er den rette vegen å gå.

Kulturelle verdiar som er innarbeidde i eit land kan vere med å påverke val av sanksjonar. I USA sitt tilfelle er det ein verdi at dei rapporteringspliktige er uavhengig i sitt arbeid, men framleis ansvarlege for sine handlingar, og bør bli tiltalt om dei ikkje gjer det dei skal.

Kostnad-nytte analyse er eit anna aspekt ved å vurdere kva type sanksjonar som skal innførast. Ein vil kanskje ikkje setje i verk harde sanksjonar om ein ikkje kjenner kost-nytte analysen ved å gjere dette. Kanskje vil det difor i framtida verte meir bruk av harde sanksjonar når presset for å fylgje reglar heilt og fullt aukar, og ein gjerne har meir erfaring med dette området av jussen.

Det finns potensielle negative konsekvensar knytt til bruk av harde sanksjonar. Problemet med at det vert ”ropt ulv” er eit av dei. Bankane vil heller vere på den sikre sida, enn å

risikere sanksjonar, og rapporterer alle transaksjonar dei er usikre på, i staden for å undersøke dei nærare, og å finne ut om det er reelt at det er snakk om ein mistenkeleg transaksjon. Overdrivne sanksjonar kan tvinge rapporteringspliktige til å rapportere transaksjonar som eigentleg er mindre mistenksame, spesielt ved risikostyrt tilnærming der det er opp til den rapporteringspliktige sjølv å vurdere kva som er mistenkeleg. Dette er i tråd med funna til Takåts (2011).

Ein annan potensiell negativ konsekvens ved bruk av harde sanksjonar er defensiv rapportering, med dårligare kvalitet på rapportane som vert sendt inn. Ifølge Carrington og Shams (2006, referert i Al-Rashdan 2012) er defensiv rapportering eit resultat av at det er vanskeleg å finne balansen mellom rapporteringspliktige som skal oppfylle sine pålagte plikter og å vere ein samarbeidspartnar som skal gje FIUen påliteleg informasjon av høg kvalitet.

Gjennom å ha eit nært og sterkt forhold til rapporteringspliktige, kan FIUs ha ei betre moglegheit til å tilnærme seg dei og å forstå arbeidet dei gjer, overvake dei på nært hold og setje i verk dei mest effektive tiltaka om nokon ikkje føl reglane. For ein FIU bør både storleik, historie, type verksemd og kultur vere med å bestemme korleis dei taklar rapporteringspliktige som ikkje opptrer i tråd med lover og reglar.

Al-Rashdan (2012) bygger på ein analyse av tilgjengelig litteratur og forsking og konkluderer med at FIUs ikkje bør fokusere på ein reint samarbeidsstrategi, eller å ta den motsette vegen med å vere ein hard regulator. Ein meir kvalitativ tilnærming er å føretrekke, med meir individuelt tilpassa tilnærming etter ein vurdering av FIU sine funn hjå verksemder som ikkje føl reglane, og korleis ein best kan sikre at desse føl opp sine rapporteringsplikter (Al-Rashadan, 2012).

6.3 Presset for å mistenke i dei rette tilfella

Sinha (2014) ser nærare på ansvaret som er pålagt bankane til å rapportere inn mistenkelege transaksjonar og utfordringar knytt til dette, basert på systemet i Storbritannia. Det vert peika på det store ansvaret og forventningane som er tillagt finansinstitusjonar i høve å rapportere inn transaksjonar som er mistenkelege og kan ha tilknyting til kvitvasking eller

6 Utviding av insentivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

terrofinansiering. Det vert forventa at ein bank skal kunne identifisere einkvar transaksjon gjort av ein kunde, som ein transaksjon med bakgrunn i legale eller illegale kjelder. Ansaret vert forsvert gjennom at kvitvaskinga skal avdekkjast av unormal aktivitet på ein konto. I artikkelen ser Sinha på vanskane som dette ansvaret medfører for bankane.

I Storbritannia er det Proceeds of Crime Act 2002 som pålegg bankane rapporteringsansvaret. Det heiter at om ein ansatt i ein bank kjenner til, mistenker eller har grunn til å vite eller mistenke at ein anna er involvert i kvitvasking, og vedkommande vart kjend med dette gjennom arbeidet, er det eit lovbro om vedkommande ikkje gjer den pålagte rapporteringa. Rapporteringa skal rettast mot ein ansvarleg i banken for å ta imot slik informasjon, som i neste omgang er pålagt etter lova å rapportere vidare alle mistankar om kvitvasking. Det som kanskje verkar som ei enkel avgjerd, er eigentleg komplisert, og noko som tradisjonelt vert handtert av statlege institusjonar som til dømes domstolar, men no i hendene til finansielle institusjonar.

Ansaret bankane vert pålagt gjer at dei kan verte straffeforfylgt for å ikkje rapportere mistanke når det finns rimelige grunnar for mistanke. Med denne formuleringa, ”rimelige grunnar”, er det gjort eit skift frå ein subjektiv til ein objektiv test. Bankane er svært sårbarer for kvitvasking, og midlane som vert forsøkt kvitvaska er gjerne godt tilslørt for å forsøke å likne på ein lovleg transaksjon. Utviklinga av ulike kvitvaskingsteknikkar har gjort bankane sitt arbeid vanskelegare. Det er ei stor oppgåve for bankane å skulle velje ut dei illegale transaksjonane, frå enorme tala av transaksjonar som går gjennom systema.

Den største utfordringa for bankane er å utvikle kriterium som gjer det mogleg å identifisere avvikande oppførsel, eller mistenkelige transaksjonar. Kva som ligg i uttrykket å ha mistanke er noko som har vorte forsøkt tolka på ulike måtar. I artikkelen peikar forfattaren på uklarleik som ligg i uttrykket, og at det ikkje føreligg noko konkret standard for kva som er mistanke, og kva som ikkje er det. Definisjonen er vag, og det er i praksis vanskeleg å skilje mellom kva som berre er ein følelse av at noko ikkje stemmer, og kva som er ein mistanke med nok grunnlag til at det bør rapporterast. Det vil og variere frå person til person, kva som vert vurdert som godt nok grunnlag for å rapportere.

6 Utviding av insertivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

Som ein konsekvens av eit subjektivt og därleg definert uttrykk ”mistanke”, får ein frå bankane si side ein defensiv rapporteringskultur, eller som forfattaren kallar det i artikkelen; ”box-ticking exercise”. Situasjonen er forværra av at det er blitt dyrare å fylgje lover og reglar knytt til anti-kvitvasking. Det som forfattaren beskriv har skjedd i Storbritannia, stemmer godt overens med teorien i modellen til Takåts (2011), presentert i kapittel 5. Ho beskriv innføringa av rapportering av mistenkelige transaksjonar som eit døme på korleis anti-kvitvaskingsarbeidet kunne vore veldig bra, men feilar i implementeringa. Informasjonen frå MT-rapportar vert ikkje utnytta, på grunn av overrapportering og påfølgande uttynning av informasjon av god kvalitet. Talet MT-rapportar var 247 601 i 2010-2011, mot mindre enn 20 000 i 2000.

Bankane i Storbritannia kjenner seg pressa til å rapportere basert på eit prinsipp med å vere på den sikre sida, på grunn av straffene dei risikerer ved å ikkje rapportere. Opptil fem år fengselsstraff er maksimum for tiltale for å ikkje ha rapportert ein mistenkelig transaksjon. Bak ein del av rapportane som vert sendt inn, ligg dermed frykt, og ikkje mistanke, som igjen gir overrapportering. Personleg ansvar og redsel for sanksjonar, gjer at mange rapporterer meir enn naudsynt for å beskytte seg sjølv. Straff for manglande rapportering gjeld ikkje berre mistankar som ein person hadde (subjektiv test), men også mistankar som ein fornuftig person burde ha hatt (objektiv test). I tillegg til personleg ansvar, kan firmaet som ein ansatt jobbar i få ei pengebot, og eit ryktetap ved manglande rapportering.

Sinha drar parallellear frå situasjonen i Storbritannia til problemet med å ”rope ulv”, som Takåts (2011) gjer greie for i modellen sin. For å vere sikker på å ikkje hamne i straffeansvar, vert mange eller nesten alle transaksjonar rapportert. Den store mengda med rapportar som vert sendt inn, gjer at Storbritannia sin Finance Intelligence Unit ikkje har nok ressursar til å handtere all informasjonen, noko som gjev færre tilfeller av etterforsking.

Eit anna trekk ved kvitvaskingslovgivinga i Storbritannia, er at bankane er pålagte å ikkje gjennomføre ein transaksjon der det er mistanke om kvitvasking. Ved mistanke skal det sendast inn rapport, og transaksjonar skal ikkje gjennomførast før ein får godkjenning til å gjere dette. I mellomtida, medan banken ventar på tillating, må transaksjonen frysast, utan at kunden kan informerast om kvifor dette skjer. Dette kan føre til søksmål mot bankane, frå misnøgde kundar som ikkje skjønar kvifor ikkje transaksjonane deira vert gjennomførte, og

kanskje lider økonomiske tap på grunn av dette. For bankane kan det opplevast som ei byrde at dei etter lova må fryse mistenkelige transaksjonar, som kan vise seg å vere lovlege, samtidig som dei ikkje kan underrette kundane om kva som skjer. Bankane står midt mellom kundane sine interesser, og lovpålagte plikter og ansvar frå myndighetene.

Sinha konkluderer med at det er ei urettferdig byrde og ein enorm jobb som kviler på den private sektoren i kampen mot kvitvasking (Sinha, 2014).

6.4 Varsling ved asymmetrisk informasjon mellom domstolar

Beim, Hirsch og Kastellec (2014) ser nærmare på korleis det å bruke varslarar kan vere med å løyse asymmetrisk informasjon i eit prinsipal-agent forhold. Det vert presentert ein modell der ein potensiell varslar kan, med ein viss kostnad, signalisere utfall av ei høyring i ein lågare domstol til ein høgare domstol. Det vil vere aktuelt å varsle om den lågare domstolen dømmer i strid med det den høge domstolen ynskjer. Ein av hovudinnsiktene i modellen, er at varslinga er mest informativ når den kjem sjeldan. I modellen vert det vist ein viktig samanheng mellom hyppigheita av varsling og kor effektiv varslinga vil vere som ein trussel for å fylgje lover og reglar i hierarkiske organisasjonar.

Artikkelen presenterer ein modell som evaluerer korleis varsling påverkar avgjerdene i eit juridisk hierarki. I modellen har ein lågare domstol, høgare domstol og ein potensiell varslar. Den lågare domstolen får ei sak til høyring, og bestemmer om den skal dømme i tråd med det som er den kjente preferansen til den høgare domstolen. Ein potensiell varslar, som kan representera ein dommar eller ein tredjepart, bestemmer så om han eller ho skal sende eit kostbart offentlig signal (varsle) i form av ein dissens, anke eller anmodning. Saken vil då gå vidare til ein høgare domstol, som ser den lågare domstolen si avgjersle og det offentlege signalet om det er sendt, men ikkje spesifikke saksdetaljar. Difor må den høgare domstolen velje om den vil sjå nærmare på saka, lære alle fakta og då eventuelt endre den lågare domstolen si avgjerd. Det å sjå nærmare på saka medfører ein kostnad, som i byrjinga er ukjent for dei andre spelarane.

Eg vil ikkje gå i inn i modellen i detalj, då eg ikkje ser dette som hensiktsmessig, gitt at modellen ser på domstolar og ikkje på bankar, som er tema for denne oppgåva. Eg meiner

likevel det er nyttig å samanlikne modellen sine hovudfunn med modellen til Takåts (2011) presentert i kapittel 5, då dei begge ser på problem knytt til asymmetrisk informasjon i eit prinsipal-agent forhold. Ei slik samanlikning er interessant, fordi resultata viser seg å vere nokså like.

Eit av hovudresultata frå modellen er at det at ein har ein potensiell varslar, og ein assosiert trussel om varsling, kan gjere at lover og reglar i større grad vert fylgt ex ante gjennom at den lågare domstolen i større grad vil sjå vekk ifrå sine eigne preferansar, enn om det ikkje var ein slik varslar. Om dette er tilfellet, treng ikkje varslaren varsle, for at ein skal få den ønska effekten.

Eit anna resultat av modellen er at det finns ei grense for i kva grad varslinga vil vere effektiv hjå den lågare domstolen. Årsaka til dette er at det er kostbart for den høgare domstolen å sjå nærrare på saker, og det vil alltid vere nokon saker som er tilstrekkelig viktig for den lågare domstolen til å ta risikoen og tilstrekkelig uviktig for den høgare domstolen til å ikkje ville ta kostnaden ved å sjå nærrare på den.

Eit tredje resultat, som er det mest overraskande, er at dersom varslaren vel å varsle sakar som kryssar grensa nemnt over, vil ein sjå eit tilbakeslag i likevekta, og ein vil faktisk sjå at den lågare domstolen i mindre grad føl lover og reglar. Årsaka er ein av dei fundamentale eigenskapane ved varsling, det gjev mest nytte når det skjer sjeldan. Å varsle ofte, gjev ein redusert informasjonsverdi for den høgare domstolen, som vidare reduserer sjansen for at varsling vil medføre at den høgare domstolen ser nærrare på ei sak. I likevekt vil ein sjå at dersom det vert varsla for mykje vil det til slutt forringje effektiviteten til trusselen som varsling gjev så mykje at den lågare domstolen i mindre grad fylgje lover og reglar enn om varslinga skjedde mindre hyppig. Det ideelle er eit mellomliggjande nivå på varslinga, høgt nok til at den lågare domstolen føl reglane i mange sakar der dei elles ikkje ville gjort det, men ikkje så ofte at informasjonen som varslinga gjev forsvinn.

Det vil ikkje vere nyttig for den høgare domstolen å ha ein perfekt alliert, som deler alle preferansane til den høgare domstolen. Sjølv når alle kostnadane og nytte er perfekt på linje med den høgare domstolen sine, vil det verte varsla for ofte. Den negative verknaden hyppig varsling har på informasjonsverdien vert ikkje internalisert i varslaren sine kostnadane.

6 Utviding av insentivmodellen og presentasjon av andre aktuelle artiklar

Det tredje resultatet her seier at eit mellomliggende nivå på varslinga er det ideelle, og dette er samanfattande med resultatet i artikkelen til Takåts (2011), som sa at det ideelle for å for bekjemping av kvitvasking, er eit mellomliggende nivå på bøtene, som gjer at ein får det nivået av rapportering som ein ynskjer. For mykje rapportering av mistenkelige transaksjonar, vil i likskap med for mykje varsling til den høgare domstolen i artikkelen nemnt her, gjere at informasjonsverdien vert svekka (Beim, Hirsch og Kastellec, 2014).

7 Teoriane anvendt

I kapittel 4, 5 og 6 er ulike modellar og teoriar, og deira hovudresultat, knytt til bankane sitt arbeid mot kvitvasking, presentert. For at desse skal vere nyttige i høve temaet for denne oppgåva, vil eg forsøke å bruke dei til ein diskusjon rundt korleis systemet er bygd opp, og korleis det fungerer i Noreg.

7.1 Kva seier teori og erfaring?

Utifrå portvaktteori kan bankane spele ei rolle som som eit ledd dei kriminelle treng for å kvitvaske utbyttet sitt. Ved å halde tilbake tenester dei vanlegvis tilbyr, kan dei vere med som tredjepart å vere ein portvakt, som kan hjelpe til å redusere kriminalitetsnivå når handheving av lovene feilar, fordi mange kriminelle er ignorant overfor straffene. Banken kan sørge for både ex ante og ex post effektar, ved at potensielle lovbroter vert stoppa, eller allereie gjennomførte lovbroter vert oppdaga. Det vert likevel også påpeika at kostnadane ved portvakting vil vere verdt det med forbehold om at dei reduserer den totale sosiale kostnaden knytt til mislegheiter og handheving av desse (Kraakman, 1986).

Hovudresultat frå insentivmodellen til Takåts (2011) var at ved for høge bøter vil velferda verte lågare enn om ein ikkje har bøter i det heile. Ein kan få eit problem med at bankane ”roper ulv”, slik at overdriven rapportering tynner ut informasjonsverdien av rapportane, og dei vert unyttige for myndighetene. Bøtene må vere høge nok til at ikkje banken vel å ikkje overvake i det heile, men ikkje så høge at banken rapporterer alle signal. Ei løysing er å gjere det meir kostbart å rapportere.

I utvidinga med tre spelarar trakk Dalla Pellagrina og Masciandaro (2009) fram to viktige vilkår for eit anti-kvitvaskregime konsistent med risikostyrt tilnærming og asymmetrisk informasjon. I modellen vert det innført ein overvakar, og bruk av både straff og belønning for bankane. For å gje finansinstitusjonane dei rette insentiva, må belønning og straff vere designa for å minimere differansen mellom private kostnadar for å implementere risikostyrt modell, og offentleg gevinst ved å samle nyttig informasjon i arbeidet mot kvitvasking. For det andre må kvalitet på overvakkinga vere eit godt substitutt for kor strenge straffene er.

I sin artikkel om FIUs konkluderer Al-Rashdan (2012) med at ein middelwei er det beste. FIUane bør ikkje satse på ein rein samarbeidsstrategi, men heller ikkje ta den motsatte vegen, med å vere ein hard regulator. Ei meir kvalitativ tilnærming, som er meir individuelt tilpassa, er å føretrekke. Gjennom eit sterkt og nært forhold til dei rapporteringspliktige, kan FIUs ha ei betre moglegheit til å setje i verk dei mest effektive tiltaka om nokon ikkje føl reglane. Samtidig vil det vere viktig med bruk av makt frå myndighetene når det er naudsynt (Al-Rashdan).

Sinha (2014) konkluderer i sin artikkel om presset som ligg på bankane til å rapportere mistenkelige transaksjonar med at det er ei urettferdig byrde og ein enorm jobb som kviler på den private sektoren i kampen mot kvitvasking. Ho beskriv situasjonen i Storbritannia, der ein opplev overrapportering, på grunn av redsel for sanksjonar. Ho drar parallellar til Takáts (2011) og problemet knytt til å rope ulv.

Beim, Hirsch og Kastellec (2014) presenterer ein modell med bruk av varslarar i forbindelse med domstolar. Dei kjem fram til tre viktige resultat. Ein varslar som representerer ein reell trussel om at det skal verte varsla, kan gjere at lover og reglar vert i større grad fylgt ex ante. Eit anna resultat er at det finns ei grense for i kva grad varslinga vil vere effektiv, det vil alltid vere nokon sakar som er tilstrekkelig viktig for den lågare domstolen og til strekkelig uviktig for den høgare domstolen. Det mest overraskande resultatet er det tredje, som seier at om ein kryssar den grensa, vil ein observere eit tilbakeslag i likevekta, den lågare domstolen føl i mindre grad lover og reglar. Varsling er mest nyttig når det skjer sjeldan. Hyppig varsling reduserer informasjonsverdien for den høgare domstolen. Eit mellomliggende nivå på varslinga er det ideelle, i tråd med Takats sine funn, som seier at eit mellomliggende nivå på bøter er det ideelle for å bekjempe kvitvasking.

7.2 Noreg i praksis – korleis fungerer anti-kvitvaskingsarbeidet?

Både USA og Europa har gått frå ei regelstyrt tilnærming, til ei risikostyrt tilnærming. Under regelstyring skulle alle transaksjonar over eit visst beløp rapporterast. Dette gjekk ein vekk ifrå når det vart innført risikostyrt arbeid mot kvitvasking, der det sentrale er at bankane sjølve skal vurdere kva som er mistenkelig, og rapportere baser på eiga vurdering. (Unger, 2009).

I USA har ein etter at risikostyrt tilnærming til anti-kvitvaskingsarbeid vart innført observert meir rapportering, men færre domfellingar, medan det i Nederland har vorte observert at antall rapportar gjekk ned, men kvaliteten opp. Ein faktor som vert dratt fram som mogleg forklaring på at det har gått så bra i akkurat Nederland i forhold til USA er at dei har mjukare sanksjonar og dermed ikkje får overrapportering frå private aktørar som vil vere på den sikre sida. Den rettslege kulturen i Nederland føretrekk informering, rådgjeving og utdanning framfor harde sanksjonar, og dette ser ut til å fungere bra (Unger og Van Waarden, 2009). Men kva med Noreg? Korleis går det med anti-kvitvaskingsarbeidet her etter at det har vore eit skift frå regelstyrt til risikostyrt tilnærming? Eg skal no prøve å greie litt ut om dette, med teoriar og observasjonar presentert tidlegare i oppgåva med i betraktingen.

Rui peikar på ulike utfordringar knytte til eit risikobasert regelverk. Den største utfordringa er krava som vert stilt til aktørane for å identifiserer risiko. Dette krev grundige og oppdaterte kunnskapar om både eigne kundar, kundeforhold og kven kunden handlar med, samt kunnskap om kvar kvitvasking og terrorfinansiering føregår. Vidare må aktørane ha evne og vilje til å tolke og analysere kunnskapen dei har. Det vil vere viktig med gode retningslinjer frå myndighetene til korleis risikobasert vurdering skal føregå (Rui, 2012, s. 239-240).

Ei anna utfordring kan oppstå når rapporteringspliktige utarbeider system som har faste reglar for kundekontroll, løypande oppfølging, undersøkingar og rapportering. Dersom desse systema vert i for stor grad digitalisert, automatisert og firkanta, risikerer ein overrapportering. Dette kan i sær verte eit problem hjå dei største aktørane, og kan til dømes skje ved innføring flagging av alle transaksjonar til og frå bestemte land som ein anser som meir risikofylte. Rui nemner også at det i samband med høyring for Det fjerde hvitvaskingsdirektivet har frå ein del aktørar kome fram bekymring for sanksjonar ved manglande rapportering. Dette kan også vere med på å skape overrapportering (Rui, 2012, s. 239-240). Utfordringane som Rui nemner samsvarer godt med det som kjem fram frå Sinha sin artikkel.

7.2.1 Finanstilsynet sitt tilsyn med bankane

Det er finanstilsynet som fører tilsyn med bankane, og som skal sjekke at lover og reglar, derunder og kvitvaskingslovverket, vert fylgt. I årsmeldinga til finanstilsynet for 2013 kan ein lese at etterleving av kvitvaskingsregelverket vart kontrollert i 40 bankar, som ein del av stedlig tilsyn, i 2013. I 13 av tilsynsrapportane vart det påpeika brot på regelverket. I gruppa mindre sparebankar, som består av ni institusjonar, vart det konstatert generell manglande etterleving av regelverket. I gruppa større sparebankar og i eit finansieringsselskap vart det påpekt framleis mangefull kritisk vurdering av opphavet til kunden sin eigenkapital. Etter kredittinspeksjonar i DNB og Nordea vart det konstatert mangefull undersøking av midlar sin opphav (Finanstilsynet, 2014b).

I spørjeskjemaet for dokumentbasert kvitvaskingstilsyn (vedlegg 1), som finanstilsynet gjennomførte i norske bankar i juni 2013, er fleire av spørsmåla basert på kvantiteten i arbeidet til bankane. Under kategorien *Hvitvaskingslovens ”Kapittel 2. Kundekontroll og løpende oppfølging”* er to av spørsmåla formulert slik:

Hvor mange kunder er underlagt ”Forsterkede kontrolltiltak” i.h.t. hvitvaskingslovens §15. (Finanstilsynet ber, som et minimum, om et grovt anslag over antall slike kunder) (Antall:)

Har banken fra 1. Januar 2011 og frem til i dag hatt en økning eller en reduksjon i antall kunder underlagt ”Forsterkede kontrolltiltak” i.h.t. hvitvaskingsloven §15? (Prosent økning/reduksjon)

Under kategorien *Undersøkelses- og rapporteringsplikten i hvitvaskingslovens kapittel 3* er to av spørsmåla formulert slik:

Hvor mange mistenkelige transaksjoner har banken undersøkt nærmere iht. Hvitvaskingslovens §17? Det fremgår av §17 annet ledd at ”Rapporteringspliktige skal skriftlig eller elektronisk registrere resultatene av undersøkelsene”. Det vises her også til oppbevaringsplikten for ”dokumenter i hvitvaskingslovens §22 annet ledd som henviser til §17.

Hvor mange mistenkelige transaksjoner har banken rapportert til ØKOKRIM iht. Hvitvaskingslovens §18? (Finanstilsynet, 2013)

Ein kan diskutere om det at spørsmåla i eit dokumentbasert kvitvaskingstilsyn er til dels basert på kvantitet i bankane si rapportering og oppfølging av lover og regelverk, og kanskje ikkje fullt så mykje kvalitet, gjev tilfredstilande opplysningar. På den eine sida er det forståeleg at ei undersøking sendt ut til 140 bankar må bestå av korte og enkle spørsmål som gjev presise opplysningar. Det er også på mange måtar naturleg å undersøke kor mykje bankane undersøker og rapporterer for å forsøke å kartlegge kor mykje den enkelte bank jobbar mot kvitvasking. På den andre sida kan fokuset eit slikt tilsyn gjev på kvantitet problematiserast med tanke kva fokus det oppfordrar bankane til å ha i høve det arbeidet dei gjer mot kvitvasking.

Modellen til Takåts (2011) viste at det å bøtelegge bankar for tilfelle der det vart tatt ut tiltale for kvitvasking utan at banken hadde rapportert transaksjonen resulterte i overrappotering, og at overrappotering gjorde informasjonen heilt unyttig. Dersom bankane rapporterer alle transaksjonar gjev dette like lite informasjon som at banken ikkje rapporterer i det heile. Det er vanskeleg å påstå sikkert om ein har over- eller underrappotering i Noreg i dag. Det går likevel gjerne an å påstå eit potensielt faremoment i at bankane vert sjekka for kor mykje dei rapporterer, utan at det vert fokusert på kvaliteten av dei rapportane som banken gjev, og kva dei resulterer i. Det at Finanstilsynet også benytter seg av stedlige tilsyn, som i juni i 2013, kan derimot vere ei motvekt til at det vert fokusert på kvantitet i eit dokumentbasert tilsyn.

7.2.2 ØKOKRIM (EFE) sin oppfølging av bankane

I ØKOKRIM sin årsrapport for 2013 vert ulike poeng i høve EFE sitt arbeid poengert. I 2005 kritiserte FATF kvitvaskingsteamet sitt datautstyr og analysekapasitet, dette skal i løpet av 2014 evaluerast på nytt. Sidan sist har det vorte større bevilgningar til utvikling av ny IT-løysing, og denne vart tatt i bruk i 2008, med blant anna betre moglegheit for å sjå nettverk og større mengder transaksjonar i samanheng (ØKOKRIM, 2014b).

Det vert også nemnt at Finans Norge, Finanstilsynet og EFE arrangerte kvitvaskingskonferansen, som er den viktigaste arenaen for kunnskapsutveksling og

nettverksbygging på anti-kvitvaskingsfeltet. På konferansen samlast rapporteringspliktige og ansatte innan politi og kontrollmyndighet for å diskutere aktuelle tema innan kvitvasking og terrorfinansiering(ØKOKRIM, 2014b).

I årsrapport for EFE for år 2011 vert det skrive litt om rolla som MT-rapportar har. Ein MT-rapport kan vere ei lita, men viktig brikke i eit mogleg bevisbilde. EFE kan ikkje styre kva som kjem til å inngå i ein eventuell straffesak, men etterretningsrapportar som dei sender til politiet kan danne grunnlag for anmelding eller inngå i ein eksisterande eller framtidig straffesak. MT-rapportar kan bidra til å kunne sjå opplysningar i samanheng over tid, og ofte kjem det også inn opplysningar om personar som vanlegvis ikkje er i politiet sitt søkerlys. Det er ikkje noko ein til ein forhold mellom antall MT-rapportar og antall etterretningsrapportar eller anmeldingar, og ein etterretningsrapport eller ei anmelding kan bygge på mange MT-rapportar (ØKOKRIM, 2012a).

I innleiinga nemnte eg ØKOKRIM si bekymring knytt til at mange mistenkelige transaksjonar ikkje vert rapportert. Tre poeng vert nemnt i høve til bankane. Det eine er at det er store skilnader mellom jamstore bankar og at mindre bankar rapporterer oftare enn større bankar. Det andre er at det er observert at enkelte bankar plutselig har ein dramatisk nedgang i antall rapportar, utan at ein finn gode grunnar til det. Det tredje er at ein har opplevd meir rapportering og kvalitativt sterkare rapportar frå ein rekke lokale bankar etter at ØKOKRIM har hatt møte med dei (ØKOKRIM, 2014b). Det er farleg å skulle spekulere for mykje i kva som kan forklare desse tre tinga, men basert på teori presentert tidlegare i oppgåva, er det interessant å gjere seg nokon tankar rundt kva som kan vere moglege forklaringar.

Det er fleire ting som gjer det vanskeleg å vurdere den totale nytten MT-rapportane som ØKOKRIM mottek gjev samla sett. Både det at ein etterretningsrapport eller anmeldelse kan bestå av mange ulike MT-rapportar, og det at ein MT-rapport kan vere ei lita brikke i eit større bevisbilete, og gjerne brukast lenge etter at den vart rapportert inn av banken.

7.2.3 Uttale frå EFE

Gjennom kommunikasjon på mail har eg fått ein uttale og tillating til å bruke denne i oppgåva, frå Sven Arild Damslora, som er avdelingsleiar ved EFE hjå ØKOKRIM. Uttalen er vedlagt.

Med bakgrunn i teoriar og artiklar som er presentert, syns eg det var sentralt å få vite om EFE ser på rapportering frå norske bankar som ei situasjon med over- eller underrapportering. Det er interessant utifrå det teoriar predikerer og det erfaringar frå andre land seier, å sjå nærmare på korleis rapporteringa er i Noreg, og deretter forsøke å sjå situasjonen i lys av det sanksjonssystemet som er, og dei insentiva norske bankar har til å rapportere.

I mailen skriv Damslora at dei er rimeleg sikre på at det i dag er underrapportering når det gjeld rapportering frå bankane. Etter besøk eller foredrag for bankar ser dei at det i dei fleste tilfeller vert auka rapportering frå den aktuelle verksemda. Det viser at det er transaksjonar som burde rapporterast, men som ikkje vert det før det vert auka fokus på dette. Damslora skriv at dei ikkje vurderer det som noko stort problem at det vert rapportert unødvendig. Kvaliteten på rapportane varierer, og ikkje alle rapportane lev opp til lova sine krav (Personlig kommunikasjon, 19. Mai 2014).

Eit problem som han nemner, og som bankane og melder tilbake om, er at det finns mange transaksjonar frå bedriftsmarknaden som ikkje vert fanga opp og rapportert (Personlig kommunikasjon, 19. Mai 2014).

7.2.4 Noreg sitt sanksjonssystem for rapporteringspliktige

Som teoriar og artiklar tidlegare i oppgåva har vist, så er det eit sentralt spørsmål kva sanksjonar som truar for bankane, om dei ikkje etterfylgjer regelverket på ein tilfredstillande måte. Kva skjer når finanstilsynet oppdagar at det er brot på kvitvaskingsregelverket i fleire bankar, og EFE melder om underrapportering?

Eit poeng som har vorte presentert er at ein for å gje bankane insentiv til å rapportere må ha nokon sanksjonar i bakhand, vere seg enten mjuke eller harde sanksjonar. Ein kan velje å

bruke gulrot eller pisk, eller ei blanding av begge, for å gje bankar insentiv til å rapportere. I Sverige fekk Nordea 30 millionar i bot for svikt i handtering av kvitvaskingsregelverk i 2013. Det vart påpeikt at svikten var alvorleg og hadde pågått i nokre tilfeller i lengre tid (Dagens Næringsliv, 2014).

I Noreg fører finanstilsynet tilsyn med bankane, og det er dei som vil oppdage eventuelle manglar i ein bank sine rutinar knytt til arbeid mot kvitvasking. Som nemnt, vart det i fjar oppdaga brot på regelverk i 13 av 40 tilsynsrapportar. Det er likevel ikkje slik at bankar vert hardt straffa for dette i Noreg, i alle fall ikkje i fyrste omgang. Bankane får ein sjanse til å rette opp sine feil. Etter kvitvaskingslova § 27 kan Finanstilsynet som tilsynsorgan gje den rapporteringspliktige pålegg om at forhold i strid med kvitvaskingslova, må rettast opp. Dersom den rapporteringspliktige ikkje etterkommer pålegg, kan tilsynsorganet pålegge tvangsmulkt. Enten eingongsmulkt, eller løypande mulkt (Hvitvaskingsloven, 2009).

Bankar som ein rapporteringspliktig verte straffa i tråd med kvitvaskingslova sin §28, om vedkommande forsettlig eller grovt aktlaust medverkar til overtreding av §§5, 6, 7, 8, 15, 17, 18 eller 22 i kvitvaskingslova. Bøter er i hovudsak straffa, men ved særskjerpende omstende, kan fengsel i inntil 1 år anvendast. Om ein rapporteringspliktig aktlaust eller med hensikt er ein del av ein kvitvaskingsoperasjon, kan vedkommande verte straffa etter staffelova sin §317 (Hvitvasking.no, 2009).

I praksis betyr dette at sanksjonssystemet mot dei rapporteringspliktige i Noreg, er mildt. Ved oppdaga feil og manglar, som gjer den rapporteringspliktige til ein lovbytar, vert vedkommande kun i lagt eit pålegg om å rette opp i dette. Tvangsmulkt vil ikkje vere eit effektivt sanksjonsmiddel ved ein enkeltståande overtreding av regelverket. I praksis vil det ikkje vere anvendelig (Rui, 2012, s. 425).

Det er ikkje uvanleg at sanksjonsnivå i høve kvitvasking vil stå i stil til historie og kultur i forhold til lovverk og handheving av lover, og kva prinsipp som ligg bak sanksjonsnivå elles. Til dømes i USA er ideen at ein kan få bukt med alt av därleg oppførsel og lovbroter så lenge straffa er streng nok. I Nederland har ein eit mykje meir fleksibelt system, og desse skilnadane er og gjenspegla i sanksjonsistema knytt til kvitvasking (Unger og Van Waarden, 2009). Samanliknar ein Noreg med til dømes USA, er det ikkje tvil om at Noreg har eit

mildare system i høve sanksjonar og straff for lovbrot generelt sett, då også i høve kvitvasking.

Sjølv om mykje tyder på at det arbeidet som ØKOKRIM og finanstilsynet gjer ut mot dei rapporteringspliktige for å hjelpe dei i arbeidet ser ut til å ha ein god effekt, ved at rapporteringa vert betre, er dette ein dyr strategi i lengda. Det er mange rapporteringspliktige som skal førast tilsyn med og sanksjonar med ein allmennpreventiv effekt, kunne gjerne ha gjort arbeidet lettare.

7.2.5 Nasjonal risikovurdering av kvitvasking og terrorfinansiering

Ei arbeidsgruppe nedsett og leia av Justis- og beredskapsdepartementet har laga ein samla risikovurdering for Noreg i forhold til truslar, sårbarheit og risiko for kvitvasking og terrorfinansiering. Medlemmer frå Justis- og beredskapsdepartementet, Finansdepartementet, Politidirektoratet, Politiets Sikkerhetstjeneste (PST), Finanstilsynet og ØKOKRIM (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Ein del av resultata i risikovurderinga er interessante i høve teori og resultat i denne oppgåva.

I risikovurderinga kjem det fram at Finanstilsynet sin erfaring er at ved brot på kvitvaskingsregelverket oppnår ein ønska verknad utan bruk av formelle sanksjonar. Sanksjonar skal vere tilpassa graden av manglande etterleving, men Finanstilsynet opplev at til dømes skriftleg varsel vil oftast vere nok til at institusjonen endrar sine rutinar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Eit spørsmål ein gjerne kan stille seg er om det vert tatt nok omsyn til allmennpreventive verknader. Det viser seg at det førekjem regelbrot knytte til kvitvaskingsslova hjå dei rapporteringspliktige, og sjølv om det er positivt at desse vert retta opp ved skriftlege varsel, kan ein tenke seg at det å gje litt hardare sanksjonar kunne hatt ein allmennpreventiv effekt, og kanskje gjort at det totalt sett vart mindre regelbrot i utgangspunktet.

Til dømes såg ein etter at ein bilforhandlar fekk bot for brot på kvitvaskingslova at rapportering frå forhandlarar av gjenstandar vart dobla i løpet av eit år. Rapporteringa har gradvis gått ned igjen, men det kan antas at den auka rapporteringa var ein positiv bieffekt av bota (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

Vidare uttaler enkelte bankar, til tross for at banknæringa generelt meiner at skriftlege varslar virkar etter sin hensikt, bekymring for at nokon i næringa kan få ein konkurransefordel ved å ikkje sette av tilstrekkelig med ressursar til anti-kvitvaskingarbeid, og så kun verte straffa med ein skriftleg advarsel om dette vert oppdaga. I desember 2013 var det kun brukt bøter for brot på kvitvaskingsregelverket to gongar, og det har aldri vorte trekt tilbake tillating til å drive ei verksemد basert aleine på brot på kvitvaskingsregelverk (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

Professor Dan Magnusson har på oppdrag frå Politihøgskulen gjennomført ein undersøking av påtaleavgjorte sakar i Oslo politidistrikt etter straffeloven sin §317 for å avdekke om det eventuelt skjer feilregistreringar. Bakgrunnen var at Politidirektoratet hadde ein sterk mistanke om feilregistreringar, og med finansiering frå Justis- og beredskapsdepartementet, fekk Politihøgskulen i oppdrag å undersøke dette. Konlusjonen til Magnusson er at undersøkinga tyder på at verken bustyrarar, skattemyndigheter, påtalemøyndighet eller politiet prioriterer å identifisere og etterforske kvitvasking. Magnusson skriv også i rapporten at heller ikkje retten ser ut til å ha ambisjon om å løfte fram kvitvasking for å oppnå allmennprevensjon (Politihøgskolen, 2014).

Finansnæringa opplev generelt at det er komplisert å møte krav i norsk lovgivning knytt til kvitvasking. Ikkje minst for banksektoren er lova vanskelig å forstå og vanskelig å etterleve. Banknæringa peikar på at spesielt små og mellomstore bankar framleis ikkje har gjennomført risikovurdering, og ikkje har utarbeida risikobaserte rutinar og prosedyrar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

I forhold til EFE vert nokre ulike poeng beskrive i risikovurderinga. Det eine er at Noreg på mange måtar er eit gjennomregulert og oversiktig samfunn, slik at EFE har god tilgang til offentlige informasjonskjelder og eit avansert datasystem for mottak og analyse av MT-rapportar. Eit anna poeng er at ujamn kvalitet på rapportane som EFE får inn, påverkar potensialet for EFE sin vidare oppfølging. Ein god del av rapportane som EFE mottek har kun ei kort beskriving av dei faktiske forhold, utan at mistanken underbyggast og beskrivast nærrare. Det er også skeivskap i det som vert rapportert til EFE, særleg i høve transaksjonar som ikkje er kontantbasert. EFE kan ikkje gje politiet meir nyttig informasjon enn det dei får gjennom rapportane, og underrapportering av transaksjonar som kunne gitt meir kompliserte

saker, går ut over politiets og påtalemyndighetenes mulighet til å etterforske (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

I høve etterforsking, straffeforfølging og inndraging er eit problem at det eksistere därlege statistikkar for kvitvaskingssakar. Registrert antall kvitvaskingssakar antas å vere veldig lågt, muligens fordi etterforsking av primærforbytelse skjer på bekostning av kvitvaskingssaker. Noreg har ein kvitvaskingsbestemmelse som er praktisk å bruke, og ein antek at utfordringane ikkje skuldast lovgjevingsmessige forhold. Mangelfull statistikk, gjer det vanskeleg å peike på konkrete oppfølgingspunkt (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

For Noreg vert fire område framheva i høve kva som er dei mest kristiske sårbarheitene for ein effektiv nasjonal bekjemping av kvitvasking og terrorfinansiering. Desse områda er manglande kunnskap og samordning, få risikobaserte tiltak og underrapportering, lite bruk av finansiell etterretning og få straffesakar (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

Det er også problematisk at det i politidistrikta er svært få sakar som har opphav i informasjon frå EFE. Det kan dermed stillast spørsmål ved om politidistrikta har naudsynt kompetanse innan kvitvaskingsfeltet. ØKOKRIM har vist vilje til å bruke informasjonen frå EFE. EFE har også søkt å avhjelpe den manglande bruken av finansiell etterretning i politidistrikta, noko som har vore vellukka, men samtidig ikkje langsiktig lønnsamt, på grunn av ressursane det krev. Effektiv bruk av informasjon frå EFE i politidistrikta vil krevje større grad av overordna prioritering (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014).

8 Oppsummering, konklusjonar og kort policydiskusjon for Noreg

I denne oppgåva har eg sett nærare på det ledet i anti-kvitvaskingsarbeid der bankane som ein rapporteringspliktig etter lova, skal rapportere mistenkelige transaksjonar til ein Finance Intelligence Unit, i Noreg EFE. Ulike teoriar og funn frå artiklar er presentert, og ein har sett viktigheita av at det både skal rapporterast, men og at kvaliteten på rapportane som kjem inn må vere bra. For å sikre dette er det viktig å byggje opp systemet, slik at ein gjev bankane dei rette incentiva.

Den risikobaserte tilnærminga til anti-kvitvaskingsarbeid overlèt mykje meir ansvar til bankane i høve til å vurdere kva som er ein mistenkelig transaksjon, og kva som ikkje er det. Med for strenge sanksjonar risikerer ein overrapportering og låg kvalitet på rapportane. Med for milde sanksjonar kan det verte freistande for bankane å ikkje ta ansvaret på alvor. Bankane er ein privat aktør som er avhengig av profitt, og som også har eit ansvar overfor kundane sine.

I Noreg vil eg påstå at ein middelweg er forsøkt implementert. Det føregår eit samarbeid frå EFE og ut til bankane, for å forsøke å hjelpe dei til å kunne gjere arbeidet med rapportering best mogleg. Samtidig har finanstilsynet ei tilsynsrolle med bankane, og sjekkar at kvitvaskingslovverket vert fylgt, med potensielle sanksjonar om dette ikkje er tilfellet.

Utfordringa er å finne akkurat den rette balansen for at bankane skal ha dei rette incentiva til å rapportere, men ikkje overrapportere. Damslora uttaler at dei er rimeleg sikre på at det i dag er underrapportering, og ein kan då lure på om sanksjonane som bankane risikerer ikkje er harde nok. Samtidig så opplever EFE betre rapportering og hyppigare rapportering etter besök, og dette tyder på at ein strategi om meir samarbeid og dialog også fungerer.

Finanstilsynet fant brot på kvitvaskingsregelverket hjå fleire bankar i 2013, og når EFE ved Damslora samtidig uttaler at dei er rimeleg sikre på at det er underrapportering frå norske bankar, er det heilt klart at ein har utfordringar å ta tak i på dette feltet.

Det er få regime som set like store krav til synergি mellom dei ulike nasjonale aktørane som kvitvaskingsregime (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014). Det er mykje som må vere på plass, og fungere for at ein skal oppnå eit effektivt anti-kvitvaskingsarbeid. Det betyr også at det er mange ting som kan gå galt.

To ting som er påpeikt for Noreg er potensiell underrapportering frå bankane, som gjev EFE eit dårlegare grunnlag for å rapportere vidare til politi og påtalemyndighet. Eit anna poeng er at det kan sjå ut til å vere manglande vilje hjå dei høgare instansane, til dømes retten og politiet, til å ta tak i sakar som omhandlar kvitvasking eller terrorfinansiering (Politihøgskolen, 2014). For at arbeidet mot kvitvasking skal fungere er ein avhengig av vilje og presist arbeid i alle ledda.

Sinha (2014) påpeika i sin artikkel at ho meiner det er ei urettvis byrde som ligg på bankane. Utan tvil vil det vere viktig for framtida å finne ein måte å løyse dei utfordringane som ein ser, på ein måte som er hensiktsmessig for både bankane, kundane deira og samfunnet som heilskap. Bankane kan med den informasjonen dei sit på, vere ei viktig brikke i arbeidet mot kvitvasking, om ein berre lukkast med å utstyre dei med dei rette incentiva.

